



DEN GLØYMTE GRAVSKIKK?

Ein diskusjon til dødshusgravskikken i jernalderen



ARK-3900

Jens Peder Magnussen

Mastergradsoppgåve i arkeologi

Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning

Institutt for arkeologi og sosialantropologi

Universitetet i Tromsø


Vår 2013

SAMANDRAG

Denne oppgåva har som formål å diskutere dødshusgravskikken i Noreg. Dette er ein gravskikk som er nesten gløymd i norsk arkeologi, men er vanleg i svensk og dansk arkeologi. Oppgåva har hovudfokuset på dødshus i Sør-Noreg frå jernalderen, men dødshus frå andre stadar og periodar er med for og gje eit betre bilde på denne gravskikken. Desse andre dødshusa gjer eit bilde på at dødshus ikkje er eit isolert fenomen for Sør-Noreg eller jernalderen. Til tross for at denne gravskikken er hovudsakleg innlemma i kammergravskikken, vil denne avhandlinga vise at dette er ein eigen gravskikk.

For å kunne gje ein introduksjon av dødshusgravskikken vil eg presentere teoriar, forskingshistorie og materialet til desse dødshusa og diskutere kvifor desse er ein eigen gravskikk og moglege tolkingsmoglegheiter til dødshus. Grunnlaget for tolkingane i denne oppgåva er i all hovudsak tillagt det arkeologiske materialet og då spesielt gravgodset. Tolkingane vil bli retta mot individuell status, religion, ritual, den dødes rolle og symbolikk. Nokon andre viktige punkt som oppgåva vil gå inn på er morfologien til dødshusa og topografien der gravene er plassert. Dette blir gjort for å belyse moglege variasjonar i konstruksjon og plassering av dødshus.

Dødshus har tidlegare blitt skildra i nokre korte artiklar på 1970-talet, men har ikkje fått sikeleg fagleg behandling. Dette arbeidet som no ligger føre vil forhåpentlegvis vidareføre det arbeidet som vart gjort på 70-talet og gje dødshus gravskikken ein plass i norsk arkeologi.



FORORD

Det er rart å sitte her og skrive dette og tenke tilbake på alle desse år på Universitetet i Tromsø som eg er no ferdig med. Og ikkje minst at eg no er ferdig å skrive ein Master oppgåva, kven skulle tru at den lisje krabaten med dysleksi frå Nordfjordeid skulle klare det. No gjenstår det bare å slenge seg ut i jobbmarknaden og sikra seg ein fast stilling.

Det er mange å takke for denne tida ved universitetet og produksjonen av denne masteroppgåva.

Fyrst vill eg takke min vegledar Asgeri Svestad som har klart å få system i rotet mitt og halt i land heile sulamitten av ei oppgåve, det hadde ikkje gått utan deg.


Ein takk skal også gå til Gøril Nilsen som kom med gode tips om generell skriving av ei masteroppgåve.

Ericka Engelstad og Denis Moos skal ha ein stor takk for to år med undehaldane masterseminar og gode tilbake meldingar til oppgåva mi, det har vert uhyre morosamt og eg kommer til å savne dei. Fagmiljøet ved arkeologi på UIT skal også ha takk for mange år med god, lærerik og opent miljø, dokke har verkeleg gjort at eg har følt meg velkommen her, og ikkje minst for dei mange absurde samtale emna som har gått rundt lunsj bordet.

Mine med studentar Christina og Joakim skal ha takk for gjennomlesing av oppgåva mot slutten og Christina skal ha takk for all den hjelpa eg har fått med å formatere oppgåva.

Mine felles lesesals bebuarar Ingar, Joakim, Raymond, Laurent og Lars skal ha takk for ein livleg atmosfære på lesesalen og for å ha holdt ut alle minne domme spørsmål om dobbel konsonantar og andre språklege spørsmål. Alle andre medstudentar skal også ha ein stor takk for å ha gjort desse åra minneverdige, dokke er formange å nemne men dokke veit kven dokke er og alle skal ha ein stor takk.

Eg vil også takke Anja R, Niemi ved TMU, Hilde Fyllinge ved AMS og Camilla C. Wenn for å gje meg rapportar og tilgang på materiale som ikkje var ferdigskrevet og publisert då eg fekk jobbe med det. Tone Daasvang og Mari Høgestøl ved arkivet på AmS, Mette Hide ved arkivet på KHM og Sonja Marie Innselset ved arkivet på BM og alle andre som gjore mine



opphald og gjedde meg god hjelp med å finne materialet. Og Eirik Lanes for hjelp med litt tekniske utrekningar, ein STOR TAKK til dokke alle.

Eg må også takke Frie Duellister avd Tromsø som har haldt meg i aktivitet under masteren og ikkje minst for å sørgja for at eg kank mi eiga kneskål (men eg veit dokke planla at eg skulle gjere det) slik at eg måtte sitte og skrive dei siste 5 månadane, dokke har vert med på å få gjort denne oppgåva mogleg :-D.

Til slutt vil eg takke min familie som har støtta meg gjennom heile studie tida både mentalt og økonomisk når eg ikkje har klart å bruke stipendet fornuftig gjennom ein månad. Så ein stor takk går til mine foreldre Halvard og Helene, Mine søsken, deira betre halvdelar og avkom, Per Åge, Dagny, Per-Ivar, Knut, Anda, William, Andrea, Einar, Hege og Frida. Takk for støtte og gjennomlesing av Oppgåva min utan dokka språkvask så hadde dette vert eit sanasurium av dialekt ord og feilskreven ny-norsk ord :-D

Så viss dokke lesarane finner nokon skrive feil i oppgåva så er det bare min feil og ikkje dei som har korekturlest, bare sjå på dette forordet og sjå kor mange feil der er, no som eg har skrevet slik eg vanleg vis gjere. For det er grenser for kvar mange feil ein kan klare å fange opp.

PS. Heilt til slutt vil eg bare avkrefte ei myte om masteroppgåve skriving. Du blir ikkje gal av å være isolert med ein tekst i 2år, det har eg og hybelkaninane på lesesalen diskutert over store mengdar kaffe og nokon børdskjeve i dei seine nattetider og vi har komt fram til at vi blir ikkje det.

Oppgåva i sin heilskap er dedisert til heile min familie

Jens Peder Magnussen

15/05/2013

INNHALDSFORTEIKNING

SAMANDRAG	I
FORORD	III
INNHALDSFORTEIKNING	VI
Figurliste	IX
Kapittel 1. Innleiing	1
1,1: Problemstilling	1
1,2: Oppgåvas avgrensing, omgrepbruk og oppbygging	2
Kapittel 2. Tidlegare forskning.....	3
2,1: Forskingshistorikk.....	3
2,1,1: Norsk Forsking.....	3
2,1,2: Svensk, dansk & islandsk forskning	5
2,1,3: Samanfating	7
Kapittel 3. Jernaldersamfunnet i Noreg	9
Kap 3,1: Samfunnsorganisering	9
Kap 3,2: Økonomisk struktur	11
Kap 3,3: Jernaldergarden	12
Kap 3,4: Religion i jernalderen.....	14
Kap 3,5: Jernalderens mange gravskikkar	15
Kap 3,6: Eit anna forhold til døden	16
Kap 3,7: Oppsummering av jernalderen i Noreg	17
Kapittel 4. Metode og Teoriar	19
4,1: Metodisk og teoretisk tilnærming.....	19
4,2: Tolking og forståing av materialet	19
4,2,1: Gravgodset	20
4,2,2: Morfologi	24
4,2,3: Topografi.....	27
4,3: Material omfang.....	32
4,4: Individuell status & tydnad	33
4,6: Samandrag	34
Kapittel 5. Dødsfus materialet frå Sør-Noreg	35
5,1: Sogn og Fjordane.....	35

5,1,1: Nordfjordeid i Eid Kommune.	35
5,1,2: Bygstad i Gaular Kommune.....	39
5,2:Hordaland	41
5,2,1: Sørheim i Etne Kommune.	41
5,3: Rogaland	43
5,3,1: Revheim i Stavanger Kommune.	43
5,3,2: Tjora i Sola Kommune.....	44
5,4: Vest-Agder	46
5,4,1: Sangesland i Vennesla Kommune.....	46
5,5: Aust-Agder	47
5,5,1: Langeid øvre, Bygland Kommune.....	47
5,5,2: Senum i Evje og Hornnes Kommune.	49
5,6: Andre norske funn.....	51
5,6,1: Ekren i Hadsel kommune, Nordland.....	52
5,6,2: Breng ved Loen vatnet i Stryn Kommune, Sogn og Fjordane.....	53
5,6,3: Espeland i Sandnes Kommune, Rogaland.....	54
Kap 5,7 Samandrag	55
Kapittel 6. Diskusjon Kva er det gjere dødshusa spesielle	57
6,1: Individuell status og tydnad: Kva er årsaka til dødshus	57
6,1,1: Våpen	57
6,1,2: Importgjenstandar	59
6,1,3: Reiskapar.....	59
6,1,4: Morfologi	60
6,1,5: Topografi.....	64
6,1,6: Likbehandling	67
6,1,7: Gravgoodsbehandling	68
6,2: Dødshus VS andre gravtypar.....	69
6,2,1: Forskjell i Gravgoods.....	69
6,2,2: Konstruksjonen.....	70
6,2,3: Forskjell i likbehandling	72
6,3: Individuell status og tydnad: Er det ein forskjell?.....	73
6,3,1: Morfologi	74
6,3,2: Topografi.....	75

6,3,3: Gravgoodsbehandling	75
6,3,4: Likbehandling	76
6,4: Arkeologisk struktur	76
6,5: Importvegar	76
6,6: Definisjon på dødshus	77
6,7: Samanfating	78
Kap 7. Konklusjon	79
Appendiks I	81
Grav I	81
Grav II	82
Grav III	83
Grav IV	84
Grav V	84
Grav VI	84
Grav VII	85
Grav VIII	85
Grav IX	85
Appendiks II. Kart	87
Oversikt dødshus i Noreg	87
Appendiks III	105
Litteraturliste	111
Nettkjelder	130

Figurliste

Figur 2,1 Kopi av eit Skoltesamisk gravhus Foto: Ørnulv Vorren. Tromsø Museum – Universitetsmuseet.....	4
Figur 2,2 Dødshus på Island markert med merkingane Stodarholur (stolpehol) Madur (mann) Hestur (hest).....	7
Figur 5,1 Dødshus Grav II Skjoratippen oversikts teikning.....	37
Figur 5,2 Dødshus Grav II Skjoratippen profil teikning	37
Figur 5,3 Dødshus Grav 3 i Skjoratippen oversikts teikning	38
Figur 5,4 Dødshuset i Tussehågjen oversikt og profil teikning.....	41
Figur 5,5 Dødshuset på Sørheim oversiktsfoto	42
Figur 5,6 Dødshuset på Revheim oversiktsfoto.....	44
Figur 5,7 Dødshus Tjora, Sola K. oversiktsfoto	45
Figur 5,8 Dødshus Tjora Oversiktsteikning med teiknforklaring	45
Figur 5,9 Dødshus Sangesland, Vennesla Skråfoto med snitta stolpehol	47
Figur 5,10 Dødshus Langeid oversiktsteikning med teiknforklaring.....	49
Figur 5,11 Dødshus I, II & III Senum oversiktsteikning.....	51
Figur 5,12 Dødshuset på Ekren i Hadsel kommune foto Anja R. Niemi (stolpehol markert med stipla linje) fotgrøft og dreneringsgrop er fylt med grå grus/grovsand)	53
Figur 5,13 Mogleg Dødshus på Breng i Stryn Kommune (huset er markert med stipla linje).....	54
Figur 5,14 Mogleg dødshus på Espeland i Sandnes Kommune	55

Kapittel 1. Innleiing

Gravkonstruksjonar har blitt reist over dei døde heilt opp til våre dagar og det har blitt nytta mange teoriar for å tolke desse. Denne oppgåva skal sjå på ein gravkonstruksjon som har blitt så godt som gløymt innanfor norsk arkeologi. Dødshus er ein gravtype som bare er skildra i tre korte artiklar frå 70-talet og desse gjer ingen definisjon av denne gravtypen (Løken 1971, Myrhe 1976, Simonsen 1975). På grunn av denne manglande definisjonen skal denne oppgåva gje ein introduksjon og definisjon til dødshus. Det skal også argumenterast for at det må bli gjort meir forskning på desse gravkonstruksjonane for å få ein betre forståing om desse gravene. Bakgrunnen for denne oppgåva kom under arbeidet med min bachelorgradsoppgåve, der eg kom over ei grav som var presentert som eit dødehus. Etter kvart som eg jobba med materiale frå Nordfjordeid i min bacheloroppgåve observerte eg at der nesten ikkje var noko litteratur om norske dødehus. Dette gav meg ein interesse for å finne ut kva eit dødehus var og kvifor dei vart konstruert.

1,1: Problemstilling

Eit av dei store problema med å jobbe med dødshus er som sagt at det mildt sagt er mangelfullt diskutert i norsk arkeologisk litteratur og terminologi. Denne oppgåva vil basere seg på to hovudspørsmål: Kva er eit dødshus og er det ein eigen gravskikk? For å kunne gje eit skikkeleg svar på desse spørsmåla måtte dette ha vart ein doktorgradsoppgåve og ikkje ei mastergradsoppgåve. Av den grunn er denne oppgåva meir mynta som ein introduksjon til ein mogleg dødshusgravskikk og spørsmål og problem omkring desse dødshusa.

For å kunne gje eit skikkeleg svar på hovudproblemstillinga vil eg undersøke nokre delproblem:

- Kva skiljer eit dødshus frå andre gravtypar? Det vil her bli lagt særleg vekt på å samanlikne med kammergraver.
- Er det morfologiske variasjonar og forskjellige typar dødshus? Og kan desse typene bli sett opp mot topografien og materiale/gjenstandane som finst i dei forskjellige dødshusa?
- Er dødshus ein gravtype som er innført til Noreg frå andre kulturar?

1,2: Oppgåvas avgrensing, omgrepsbruk og oppbygging

Eg har valt å avgrense mitt materiale til Sør-Noreg og tidsavgrensa til jernalderen. Framleis vil eksempel frå andre periodar bli nytta for å få eit skikkeleg bilde på dødshusgravene. Avgrensingane gjer eg for å unngå at oppgåva blir for omfattande.

I diskusjonen vil definisjonen bli diskutert vidare i eit meir nøye perspektiv opp mot definisjonen av kammergraver. Og sett opp mot tolkinga om at dødshus er graver konstruert som eit hus for den døde

I den norske litteraturen frå 70-talet er dødshus omtalt som gravhus og dødehus. I denne oppgåva vil desse nemningane/omgrepa bli nytta når det er snakk om dei gjeldande artiklane, men ellers i denne oppgåva vil omgrepet dødshus bli nytta. Dette gjer eg for å skape eit omgrep for gravskikken, det er også på grunn av at gravhus og dødehus lett kan bli misstolka med at gravhus er eit hus for ei grav, og dødehus er at sjølve huset er dødt. Det blir då betre med eit omgrep som visar til at huset er som ei gravgåve, på lik linje som skip og båtar i skipsgraver.

Kapittel 2 presenterar den tidlegare forskinga. Kapittel 3 gjere ein generell gjennomgang av jernaldersamfunnet. Kapittel 4 vil dei forskjellige teoriar og metodar som vil bli nytta i denne oppgåva bli presentert og ein gjennomgang av korleis materialet til denne oppgåva har blitt gjort tilgjengeleg. Kapittel 5 er ein material gjennomgang av dei dødshus som eg har lokalisert i Sør-Noreg. I slutten av kapitlet er ein kort presentasjon på dødshus som er utanfor undersøkings området. Kapittel 6 og 7 er diskusjonen og avsluttinga på oppgåva. Kapittel 6 diskuterar dødshusa opp i mot teoriane og metoden, slik at kapittel 7 kan gje ein konklusjon om dette er ein eigen gravskikk.

Kapittel 2. Tidlegare forskning

2,1: Forskingshistorikk

Denne oppgåva skal som sagt omhandle dei dødshus som er i Sør-Noreg frå jernalderen. Det blir då viktig for meg å sjå på forskinga frå resten av Skandinavia. Men i Skandinavia er det lite spesifikk forskning på dødshus frå jernalderen å sjå tilbake på, men der er god behandling av dødshus frå neolitikum og bronsealder. Dette er grunna ein teoretisk forandring i overgangen til jernalder der det går frå hus til kammergraver i overgangen til jernalder. Kvifor det er ein slik forskjell i teoriane i forskingshistoria om det er hus eller kammer er ikkje godt å svare på. Nokon brukar konsekvent det eine eller det andre, medan andre brukar desse omgrepa om kvarandre. Dette har gjort at det blir vanskeleg å kunne sjå på forskingshistoria til dødshus som eg skal jobbe med.

Noko som kan gje eit svar på dette er dei som har vært med på å forme den norske arkeologien. Då stikker Anton W. Brøgger seg ut med sin nasjonal-orienterte arkeologi i tida etter unionsoppløysinga, med sitt mål om å underbygge og styrke den norske nasjonalfølelsen. Men fyrst i 1936 vart det klart at den norske arkeologien hadde blitt sjølvstendig (Baudou 2004:222 & 254). Det blir då ikkje usannsynleg at den norske arkeologien har skapt egne omgrep for å skilje seg frå dei andre nasjonale forskningstradisjonane. Desse nye omgrepa har då blitt hengande i den norske forskningstradisjonen som Brøgger skapte.

2,1,1: Norsk Forsking

Noreg har i dag nokon få kjente dødshus. Bjørn Myhre skreiv i 1976 om hus over graver, der han påpeikar at der kan ha vert graver med hus. Myhre såg på dei gravene med store stolpehol rundt ei rektangulær grav. Desse gravene tolkar han som dødshus eller gravhus der det har vert ein konstruksjon over grava (Myrhe 1976:14-15). I Myhre sitt materiale er det fire-fem graver som han ser på som sikre dødshus. Husa Myhre ser på er eit frå Etne, tre frå Senum, og eit frå Nordfjordeid. Alle desse husa har kraftige stolpehol rundt den døde. Det er ein usikker i frå Senum som vart funnet på siste dagen av utgravinga og er representert med kun eit kraftig stolpehol. Denne tredje grava vart ikkje ferdig greven så då er det bare mogleg å gje ein forklaring på at der kan ha vert tre graver. Materialet til Myhre visar ein stor variasjon i dødshusa, med fire flatmarks graver, ei grav i ein storhaug, ei branngrav og ei grav med rituell øyde-

legging av gravgods. Det er også einslege graver og graver samla i grupper (Løken 1971:17-21, Myrhe 1976:14-18, Shetelig 1905:24-32).

Povl Simonsen skreiv ein artikkel om gravhusene nord og sør i landet sjølv om han har utgangspunktet sitt i Assebakte-gravene (som seinare viste seg å ikkje være graver) så gjer han to interessante bidrag til forskingshistoria til dødshus. Han ser på dei som ein nødvendigheit når ein ikkje kan gravlegge den døde på grunn av tele i bakken. Og han omtalar denne gravtypen i nord og sør som huskonstruksjonar (Simonsen 1975:36 & 38). Dette er noko som Myrhe (Myrhe 1976:14-15) har brukt i sin artikkel som er ein av få artiklar som tar for seg dei norske dødshusa. Så sjølv om Simonsen tok feil ved Assebakte så ser det ut til at han var på sporet av noko når det gjelder dødshusa.

Eit aspekt med dødshus som kan være viktig er å sjå etter er kontinuitet. Malin Gustafsson visar til at der er dødshus frå steinalder i Sverige, det er då mogleg at vi har same strukturane i Noreg også (Gustafsson 1988:27-30). Det kan ha vert ein kontinuitet i tradisjonen opp til mellomalderen i form av stativ over kista ein periode etter gravlegginga (Myrhe 1976:15-16). Simonsen såg på moglegheita for at dei skoltesamiske områda i Aust-Finnmark kan ha vidareført tradisjonen med dødshus heilt opp i det 20.århundre (jmf fig 2,1) (Simonsen 1975:35). Alle desse ser eg som viktige å undersøke for å kunne gje eit konkret svar på kva tidsperiodar vi kan forvente oss å finne denne gravtypen.



Figur 2,1 Kopi av eit Skoltesamisk gravhus Foto: Ørnulv Vorren. Tromsø Museum – Universitetsmuseet

Bergljot Solberg støttar Myrhe i sin tolking om at der kan ha vert ein gravskikk der det var nødvendigheit for å gravlegge/gje eit hus til den døde, men tar ikkje diskusjonen noko vidare (Solberg 2003:186). Trond Løken og Myrhe som begge er einige om at husa kan ha vert ein

markering over bakken, og då var dei truleg tydelege gravmarkeringar over bakkenivå. Løken gjer ingen tolking på korleis denne konstruksjonen har sett ut, men det kan ikkje ha vort ei kiste. Dette tolka han fordi stolpane står slik at ein kistekonstruksjon ikkje hadde vort mogleg og det synast lite sannsynleg at dei har nytta så kraftige stolpar til å støtte opp ei kiste. Myhre ser på det som ein form for stativ, men dei begge nyttar omgrepet dødshus (Løken 1971:17-21, Myrhe 1976:14-18).

Terje Gansum ser i sin doktoravhandling, *Hauger som konstruksjoner*, på blant anna jernalder haugar som har blitt konstruert over hus. Her visar han til at dette har blitt gjort med intensjon om å plassere haugen over huset (Gansum 2004:159). Gjennom Gansum sitt arbeid så blir det tydeleg at haugane over dødshus kan ha ein større rolle for det samfunnet som konstruerte haugen. Ser ein Gansum sitt arbeid i saman med Richard Bradley sin tolkingar om at gravhaugforma kan vere symbolske variantar av forfedrenes hus (Bradley 1998:44-45, Gansum 2004:165). Dette visar ein ny retning i forskingshistoria med at dødshusa ikkje bare har vort ei grav med konstruert gravgjem, men kan ha hatt ein større rituell tydnad.

2,1,2: Svensk, dansk & islandsk forskning


Sverige har fleire dødshus enn Noreg, men her er det nytta meir som eit omgrep til stein og bronsealdergraver. Dette er dødshus som gjerne er på ein storleiksskala med vanlege bustadshus. Det er ein større forskningstradisjon om dødshus i Sverige enn i Noreg. Gustafsson skreiv i 1988 ein avhandling om dødshus i stein og bronsealder i Skandinavia og Nord-Tyskland. Her belyser ho eit av problema med dødshusforskninga i Sverige med at der ikkje er ein klar definisjon på kva rolle desse husa har hatt og dermed blir dei omtalt som både graver og rituelle/kulturelle hus-strukturar. Gustafsson visar til at det kanskje kan vere vanskeleg å definere dødshus som kunn gravanlegg (Gustafsson 1988:2 & 48- 49).

Fredrik Svanberg visar til korleis den rituelle/kulturelle tolkinga fekk sin start på midten av 1900-talet. Når det vart klart at dødshusa frå stein og bronsealder ikkje var bustadshus så vart dei no tolka som eit meir kultisk hus (Svanberg 2006:127). Denne tolkinga har bare auka fram til no. Det er kanskje spesielt dei historiske kjeldene som har gjort dette, slik som Adam av Bremens skildring av tempelet i Uppsala (Kaliff 2006:132-137). I overgangen mellom bronsealder og jernalder, visar Anders Kaliff til at i forskings samanheng går bruken av termen dødshus ut. I staden kommer termen om kultiske hus og den blir delt opp i store og små kult-

hus. Dei store kulthusa har blitt konstruert, men då bare i ein sakral kontekst. Dei kan ha vert eit forsøk på å være ein representasjon av gudane sine hallar. Dei små kulthusa har truleg blitt nytta som graver til den døde eller som den dødes buplass i grava. Det er då tydleg at i Sverige er det ein ny utvikling til at det er dødshus i jernalder og ikkje bare i stein- og bronsealderen (Kaliff 2006:134-140).

Dansk forskningstradisjon har også eit skilje mellom omgrepsbruken. I stein- og bronsealderen er gravene omtalt som kammergraver og gravhus. Dette er då graver med stolpehol som blir omtalt som gravhus og dei utan som kammergraver (Jørgensen 1981:8-9). I jernalderen ser det ut til at alle graver med konstruerte gravgjemme blir omtalt som kammergraver (Jensen 2001:282-292). Det tidlegaste sporet eg har funnet av bruken av begrepet dødshus i den danske litteraturen er det tyske bronsealder funnet av Grünhof-Tesperude-huset i Lauenburg (Brøndsted 1957:109). Dette funnet var så særigen den gong at det vart sett som noko heilt spesielt og fekk ein særstilling i litteraturen. Dette huset var grava til ei kvinne og eit lite barn, der dei døde var plassert i senter av huset i eikekister. Golvet var markert med eit lag med stein på 7X7m og der var 12 steinskodde stolpehol inne i denne steinflata (Brøndsted 1957:109).

Eg har blitt gjort oppmerksom på at der er nokon liknadane strukturar på Island (perskom Dennis Moos 12/02/2013). Desse strukturane fant eg ganske interessante av to årsakar: Dei er synlege som ei grav med 4 til 5 stolpehol i hjørna. Her vart det også observert at stolpane har skråna litt inn mot grava. Det andre som er interessant med desse gravene er at dei har ein hesteplattform føre grava (fig 2,2) (www.fornleif.is). Dette er noko som vi kan sjå att i kammergravfeltet på Birka (Stylegar 2005:167).



Figur 2,2 Dødshus på Island markert med merkingane Stodarholur (stolpehol) Madur (mann) Hestur (hest)

2,1,3: Samanfatning

Som ein samanfatning av korleis den skandinaviske forskingshistorikken på dødshus har vert, så begynte dødshusterminologien å dukke opp i løpet av 1970-talet, men det er framleis ikkje lite fokus på eller bruk av denne. I Sverige og Danmark har det vert ein forskingstradisjon å sjå på dødshusa som vanlege i steinalder og bronsealder, medan ein går over til å bruke kammergraver i jernalder. Men det er nokon spesielle graver som framleis blir omtalt som hus og ikkje kammer i jernalderen. Sidan det har vert eit varierende omgrepbruk så er det ikkje nokon klare linjer som visar den forskingshistoriske utviklinga til dødshusa. Dette har gjort det vanskeleg å få eit klart bilde av kva forskning som har blitt gjort på dødshus.

Som ei avrunding av forskingshistoria så er det ikkje vanskeleg å sjå at det ikkje er gjort Særlig forskning i Noreg på dette området. Men det er stort potensiale, slik som Myhre sa det i 1976:

Våre få og usikre spor etter trekonstruksjoner over graver er selv-sagt ikke bevis for slike konstruksjoner eller handlinger, men det er grunn til å være oppmerksom på forholdet ved framtidige utgravinger (Myrhe 1976:18).

Det er med dei orda at eg tenkjar, no sitt eg her nesten 40 år seinare, det er kanskje klart for å skrive neste kapittel i dødshusa sin forskingshistorie.

Kapittel 3. Jernaldersamfunnet i Noreg

I dette kapitlet vil eg gje ein presentasjon av jernaldersamfunnet med vekt på områda som er dagens Noreg. Eg vil sjå på nokon tema ved dette samfunnet som kan vere med å forklare dødshusa som ein gravskikk. Eg vil sjå på samfunnsorganisering, økonomi, gardsorganisering, religion, gravskikk og forhold til dei døde. Eg vil starte med å sjå på samfunnsorganisering der eg vil byrja med å sjå på korleis samfunnet har fungert, korleis det var oppdelt og korleis status har vært symbolisert. Vidare vil det bli sett på økonomiens organisering i dette samfunnet, kva handelsruter som har vert og kva varar som har vert i omløp. Dette blir gjort for å gje ein forklaring på korleis importgjenstandane i dødshusa har endt opp i gravmaterialet. Deretter er det garden som skal bli skildra her vil det bli lagt vekt på korleis ein grad har sett ut og vert organisert. Etter dette vil eg sjå på det litt meir sakrale og religiøse i samfunnet, der eg vil gå inn på korleis norrøn tru og ideologi har vert oppbygd og samstundes korleis verdsbildet har utspelt seg. Vidare vil det bli gjett ei skildring av kva gravskikkar som har vert vanlege gjennom jernalderen. Til slutt vil eg sjå på kva forhold menneskjer i jernalderen har hatt til døden og sine døde og korleis dei døde har blitt behandla.

Kap 3,1: Samfunnsorganisering

Jernalderen vert tolka som eit høvdingdøme gjennom at ein mindre elite som har styrt over ei større gruppe. Majoriteten av folket i denne perioden har jobba med jordbruk og husdyrhald som var ekstensivt og arealkrevjande (Arntzen og Sommerseth 2010:123, Fallgren 2012:67-73, Hedeager 1992:203, Henriksen 1994:37), men det har sikra dei eit overskot som har blitt basisen for handel igjennom heile jernalderen. Dette har gjort at kvar gard har hatt store areal og dette har i tider truleg gjort at det har blitt press på areal og overbefolkning som har gjort at folk har måtte funnet andre måtar å livnære seg på. Dette har igjen ført til spesialisert handverk og handelspersonar som har ført til at det har blitt utvikla gode handverk og handelstradisjonar i jernalderen (Hedeager 1992:201, 214-215 & 217-222). Det har også vert eit krigersk samfunn der våpen har vert eit symbol på at ein var voksen og ein del av det samfunnet (Hoftun 2001:159). Dette krigerske samfunnet førte til ein auka klassesdeling og kamptrening i ung alder. Dette kan vi sjå i den store mengda med våpengraver spesielt i frå

romartid og framover i perioden (Hedeager 1992:206, Helgen 1982:65, Kristensen 2007:106-107, Nordgård 2006:44). Dette klasseskiljet har blitt delt opp på mange måtar men ser ein på dei skriftlege kjeldene slik som Rigstula i Edda så visar det til ei tredeling i jarl, karl og trell (Mortensson-Egnund et al. 2002). Denne tredelinga er ganske langt i frå kva situasjonen truleg har vert i jernalderens lagdelte samfunn. Det er ingen tvil om at der har vert ein elite, nokon frie og nokon ufrie, men kven som var i dei forskjellige laga har variert og det var ikkje så strikt som ein kanskje kan tenke seg, det var også mogleg å skifte status (Magnus 2002:11). Ser ein på tolkingane om *personforbundsstat* som baserar seg på at der er ein leidar som tildeklar personar land og makt etter deira eigenskap. Desse kan ikkje arvast over generasjonar, så landet og makta faller tilbake til leiaren som kan gje desse ut til ein ny person. så kan ein ikkje tenke seg at eliten har makt over eit spesifikt territorium men heller over personar og denne makta har ein fortent gjennom arbeid og ikkje arv. Dette medførte at ein vart lønna etter sitt omdøme og at krigsleiaren gjerne var personleg knytt til sine krigarar (Skre 2001:2, Steuer 1989:101-103). Dette systemet visar til at det ikkje var eit strengt lagdelt samfunn i jernalderen. Det var også viktig at høvdingen har hatt eit nært forhold til dei som var i hans teneste og vist venleik for å få same venleik att når det trengtes (Sigurðsson 2010:20-25)

Ein anna modell er *ættesystemet* at ein var del at ei ætt som var basert på venskap og ikkje nødvendigvis familietilknyttingar. Dette kjem tydeleg fram i Egil saga der kong Harald frårådar at Torlov og Eirik blir frendar (Skalagrimson 1989:88-89). Det visar også at ættesystemet likt som personforbundsstatsystem ikkje er basert på geografi men personkontakt med at stormenn i Noreg kunne ha støttespelarar på Island sjølv om dei ikkje hadde territoriale rettigheter der.

Som nemnt så var dette samfunnet også eit krigarideologisk samfunn, der menn, kvinner, barn og til og med trellar hadde rett til å bære våpen (Henriksen 1989:261, Jochens 1996:97, Nordgård 2006:44), medan urett kunne løysast gjennom duellar som vart kalla holmgangar (Henriksen 1989:261). Det var også viktig at alle kunne forsvare seg i tilfelle fiendar kom og alle ikkje forbundet ætta kunne være ein fiende (Brink 2012:50). Det er også vektlagt i mange av versa i eddadiktet Håvamål som er tolka til å være gudane sitt råd om korleis menneske skulle te seg. Denne kriginga har vore både utanlands og innanlands. Dette blir hyppigare i yngre jernalder der sagamaterialet skildrar slike ferder og skipsteknologien har gjort desse utfartane enklare, men også i eldre jernalder har det vært tilfelle av storstilte hærar på tokt til andre land også innan for dei skandinaviske landa. Det er truleg frå slike tokter at ein skaffa

seg trellar av både lav og høg hierarkisk status som igjen skulle være lojale mot sine herrar (Brink 2012:49-50 & 54, Grimm 2008:82-83 & 94, Hødnebo og Magerøy 1979:164).

Status er ofte assosiert med eit hierarki i samfunnet der høvdingen har mest status og ein kan kjenne det att med rikt utstyrt graver og store gravminne for at høvdingens ettermæle skulle vare (Montgomery 2000:13-14, Ringstad 1986:29-33). Det er vanleg å tolke status etter slike samanhengar, men i denne oppgåva så vill status bli vinkla på ein anna måte. Det hierarkisk systemet vil bli nytta men hovudvekta vil ligge meir mot den form for status ein kan finne att i ætt og personforbundsstat. Der kvar person sine evnar og kva yrker ein har kan ha spelt ei rolle for kva status ein hadde. Ser ein då på eit samfunn der sjø og hav har vert viktig så er det ingen som kan tvile på at båtbyggjarar har hatt ein viss status i samfunnet dei levde i og ikkje minst ein god båtbyggjar har meir status ein dårlege. Dette har vi framleis i dag, enkelte yrker er assosiert med meir status ein andre, medan folk som er gode til den jobben, har eit betre omdøme ein sine mindre kyndige med arbeidrarar.

Det blir då viktig å sjå på ein slik status i samheng med dødshusa, for å sjå om der er samheng mellom dødshuset og posisjonen den døde har hatt i samfunnet. Dette kan då kanskje bli identifisert gjennom gravgodset i gravene.

Kap 3,2: Økonomisk struktur

Jernalderen var ein periode med blomstrande handel, og handelsrutene har strekt seg over store delar av verden med Grønland/Nord-Amerika i vest og India i aust, Nord-Noreg i nord og Midtausten/Nord-Afrika i sør. Denne utanlandske handelen har då basert seg på luksusvarer slik som pels, skinn, elfenbein og dun frå Skandinavia som gjerne har blitt bytta mot andre varer og seinare når pengesystem vart meir vanleg så har også myntar komme til Noreg (Bertheussen 2008:103, Sindbæk 2012:150-152, Storli 2006:29). I Noreg har sjølvstekt desse varane vært vanlege, men hovudvekta av handelen her til lands har gått i matvarar og daglege gjenstandar som folk har trengt. Kleberstein og keramikk i form av kar var vanleg å bruke i jernalderen, men det er bare enkelte stadar at ein har klebersteinsbrot der desse gjenstandane kan ha blitt hogd ut, i slik skala som tydar på at desse må ha vert distribuert lokalt og fjernt (Resi et al. 1979:175-181, Østerås 2002:77-78). I Olav den heilages saga, kjem det fram at Asbjørn Selsbane ikkje får handle korn, sidan denne kornhandelen har blitt forbode frå sør til nord i landet (Sturluson 1979a:322-324). Dette visar at korn har vert ein viktig handelsvare i

vertfall nordover der kornproduksjonen ikkje har vert i like stor skala som på sørvestlandet. Dette tydar at handel har vert i større skala enn bare det vi finner i form av prestisjevarer i dei skriftlege kjeldene og det arkeologiske materialet. Det blir då viktig å hugse at denne handelen av prestisjevarer, uansett kva omfang det har i skriftlege kjelder har det truleg bare vert ein brøkdel av den faktiske handelen som har vert tilstades i jernaldersamfunnet. Denne daglegdagse handelen har truleg auka meir og meir ettersom spesialisert handverk vart meir og meir vanleg og nokon ikkje lenger produserte slike varar for seg sjølv (Hoftun 1993:51, Magnus 2002:12, Storli 2006:24-25, Østerås 2002:77-82).

Det har ikkje bare vert ein byttehandel i jernalderen, men det var også vanleg med å kjøpe varer for forskjellige typar edelmetall. Det som vart mest vanleg ut mot yngre jernalder var sølv. Kvar vare hadde ein verdi og bitar av sølv vart veid og brukt som betalingsmiddel, noko som har ført til at det var vanleg med arm- og halsringar av brytesølv som ein lett kunne bære med seg som betalingsmiddel før myntar vart standardisert (Roesdahl 1998:108-112). Ein ”norsk” mynteinheit ser ut til å ha blitt mynta for fyrste gong av Olav Tryggvason (995-1000) (Gullbekk 2012:159).

Handel i jernalderen har av topografiske årsaker hovudsakleg gått langs skipsleier men der er også i moglegheiter for handel over land (Ringstad 1986:261-271). Når ein har drevet med slik handel spesielt langs kysten så har landemerke vert viktige for å orientere seg. Synlege gravminne har blitt sett på som ein form for å symbolisere den dødes status(Ringstad 1986:31, Sturluson 1979b:9). På ei anna side så er gravminna med på å symbolisere status og velstanden til dei som konstruerte gravminnet. Desse landemerka kan då ha vert med på å indikere storleik og velstanden til forskjellige områder slik at handelsfolk kunne sjå moglege handelspotensial når dei kom reisande(Ringstad 1986:33-34).

Kap 3,3: Jernaldergarden

Samfunnet i jernalderen var basert rundt gardsdrift, fiske og fangst det var ikkje mange i dette samfunnet som kunne livnære seg utan ein gard for produksjon av varar. Desse gardane kunne være organisert i ein familie i langhus med fjøsdel og marker rundt, eller dei kunne være organisert fleire familiar i lag i små ”landsbyar” (Henriksen 1994:14-17, Magnus 2002:11-14, Storli 2006:24-25). I løpet av merovingartid ser det ut til at fjellgardane begynner å dukke opp noko som kan tyde på ei endring i gards drifta eller mangel på land(Myhre 1990:16-17). Gar-

den har ofte vert variert med både husdyr og åkerbruk (Kleppe 1996:26), som gjorde at kvar gard kunne være sjølvforsynte til ei kvar tid. Der var forskjellige typar gardar alt etter kvar dei låg og kva resursar som var tilgjengeleg.

Ein typisk jernalder gard har då vert organisert rundt eit lite tun med eit eller fleire langhus og gjerne nokon mindre lager og verkstadsbygg rundt (Myhre 1990:14), samt at der har vert ein gravplass og gjerne nokon synlege gravminne. Rundt garden har det vert beite og åkerland som har vert viktige for at familien kunne livnære seg (Magnus 2002:11). I dei tilfeller garden har låge med vatten så har der også vert ein eller fleire naust som har husa skip og båtar etter kva garden hadde behov for (Myhre 1990:14 & 17). Det blir då truleg at dei større gardane har vert ein organisasjon, nytta av fleire familieledd og gjerne supplert med tenestefolk eller trellar som har hjelpt til med drifta.

Langhuset som var hovudbygningen på gardane i jernalderen har forandra seg ein del gjennom perioden. Hovudsakleg så har det vert både ein, to og/eller treskipa hus på ein gard der husa har hatt forskjellig nytte (Magnus 2002:12). Dette betyr at dei har hatt takbærande veggar, ei eller to rekker med takbærande stolpar. Langhuset var gjerne delt opp i to hovuddelar der du har ein bustadsdel og ein fjøsdel, desse delane kunne igjen være inndelt i fleire rom eller det kunne være store fellesrom (Munch et al. 2003:67-70, Myhre et al. 1982:195). Størleika på langhusa har variert etter behovet til brukarane, men det er tolka slik at eliten har hatt dei største husa og jo større hus jo mektigare person har bygd det (Munch et al. 2003:269-270). Dette har ført til at maktsenter gjerne er assosiert med stadar som blant anna har mange og/eller store langhus på ein plass.

Eit anna aspekt som var vanleg på ein gard var graver. Det har vert ein tradisjon å gravlegge slektningar på eller i nærheita til garden (Magnus 2002:11). Slike graver har ofte vert med på å vise statusen til ein gard. Gjerne etter kor mange store gravminne der er (Ringstad 1986:14-16), men dette kan også være med på å skape feiltolkningar (Iversen 1999:19). Desse gravene var viktig for drifta av garden med at jernalderens samfunn hadde ein sterk forfedrekult. Dette blir eg å gå nærare inn på i diskusjonskapittelet. Det var vanleg å sjå på ei grav som den dødes bustad og dei døde fortsette å leve i grava eller kunne komme att til grava. Det å sette ut "offer" mat og øl og behandle haugen med respekt var viktig. Dei var også som eit legitimeringsymbol for at familien hadde rett til land området der. Desse systema har hengt med gardane og haugane i Noreg langt ut i mellomalderen, som eg ser på som eit teikn på kor viktig

desse gravene var for gardsorganisering i jernalderen (DuBois 1999:77-78, Iversen 1999:19, Ringstad 1986:34-37).

Kap 3,4: Religion i jernalderen

Religionen i Skandinavia under jernalderen er i dag kjent som Norrøn mytologi/religion (Andrén 2011:846). Dette var ein polyteistisk religion som hadde mange gudar og desse gudane hadde gjerne eigne aspektar dei var gudar for og dei hadde eigne stadar i gudeverda. Denne religionen er ofte tolka som ein naturreligion og som ein forfedrekult (Andrén 2011:849-852, Hoftun 2001:155, MacCulloch 1994:130-133).

Denne religionen var systematisert i eit hierarki der du hadde ein gud øvst på rangstigen. Denne hovudguden er stort sett tolka til å være Odin men der er nokre usemd i debatten om kva kjelder ein skal nytte for å tolke hovudguden (Hoftun 2001:79-81). Dei fleste gudane var i familie og det var ikkje uvanleg at dei nordiske kongane spora sin slekt til gudane si slekt (Aune 2009:101-106, Hødnebo 1979:IX, Steinsland 2005:405). Det var også systematisert som eit ættsystem slik som jernaldersamfunnet der gudar som ikkje var i familie hadde like rettigheitar. Dette kjem tydeleg fram i Loketretta og spesielt vers 9 (Mortensson-Egnund et al. 2002:83). Der var også mange vesen og skikkelsar i gudeverda den mest kjente er Åsane/Æsane som var hovudgruppa av gudar, der var også Vanar som også var sett på som gudar. Andre skikkelsar som var i denne verden var kjempar, jotnar, dvergar, alvar og mange fleire.

Jernaldersamfunnets verdsbilde var prega av den religiøse forståinga. Dette er på grunn av at religionen var ein polyteistisk, natur og forfaderorientert religion. Verdsbildet var delt opp i fleire lag og i kvart lag var der fleire områder. Det har vert vanleg å dele desse opp i tre som står ovanfor kvarandre. Der Hel er ein underverden, menneskas verden og Åsgard som var åsagudanesverden, samt at der er ein holdning om godt og vondt som visar at kristent syn har hatt stor innverknad på den som skreiv dette ned (Hoftun 2001:18-19). Verden vart tolka til å være flat og den mytologiske slangen, Midgardsormen, låg rundt. Dette bildet er ganske forenkla men skal ein gå djupare inn i dette så kan Aune sitt oppslagsverk være til nytte der han har både horisontale og vertikale kart. Her blir verdsbildet meir nyansert med at Helheim er ein hall og rundt Midgard er der ni verdenar (Andrén 2011:848, Aune 2009:182-184).

Den norrøne religionen har mange dødsrike, der den mest kjente er Valhall der guden Odin, får halvparten av dei som døyr på slagmarka, Sessrumne, er hallen til gudinna Frøya, der den andre halvparten av dei som døyr på slagmarka hamnar. Noatun, er hallen til guden Njord, og der kjem alle som gudinna Rån hentar frå havet. Helheim, er hallen til gudinna Hel, der ho skulle få alle dei som døyr naturleg, av sjukdom eller i ulykker. Det er også eit område for kriminelle og folk som ikkje kom inn i nokon av dei andre rika. Dette er ikkje skildra til å være nokon hall men eit område. Dette var Nifelheim og dei skulle være med på å bringe fram verdens undergang Ragnarok. Det siste dødsriket er ein hall som står på Nåstrand der alle som har gjort nid/niding (dei som har svike nokon på ein eller anna måte) eller gjort grove lovbrott skulle bu i etter livet. Det kan då sjå ut til at det har vert eit stort system for dei døde og kva som skulle skje med dei. Dette kan ein lese i Edda og kva som skjer før under og etter Ragnarok. Dette verdssynet har då truleg vert med på å forme jernaldersamfunnet (Aune 2009:181-217, Lind 2009:152,201 & 213, Mortensson-Egnund et al. 2002:59 &298).

Kap 3,5: Jernalderens mange gravskikkar

Som nemnt ovanfor så var det eit intrikat system av dødsrike. Dette blir også reflektert gjennom dei forskjellige gravskikkane vi har i frå det arkeologiske materialet. Det er då problematisk å tolke sagamaterialet lengre bak i tid ein vikingtid som dei omhandlar, men Hedeager visar til at brakteatar har ikonografi av dei same gudane tilbake til folkevandringstid (Hedeager 2011:205-210). Vi kan dele desse skikkane inn i to hovudgrupper, branngraver og jordfeste/skjeletgraver. Desse to kategoriane er ganske klare der liket enten er brent eller ikkje. Vidare har vi mange undergrupper: urnegraver der den døde har blitt brent og lagt i ei urne (Goldhahn og Østigård 2007:67-100 (kap 4)). Kammer/kiste der den døde ikkje er brent og lagt i ei stort kiste/kammer (Eisenschmidt 1994:16-17). Båt/skipsgraver der den døde er lagt i ein båt eller skip (Hellesøe 2006:10-12). Hellekiste/steinkiste der den døde er lagt i ei kiste konstruert av steinheller (Dommasnes 1998:66, Hatling 2009:29-30). Kenotaf er haugar utan spor etter nokon gravlegging. Desse har ikkje noko gravgods som verte tolka som minnegraver, der den døde ikkje kunne bli frakta til grava av forskjellige årsaker (Ringstad 1986:39). Desse kan vi også sette opp mot to andre skikkar som var med å legge grava under flat mark (Myrhe 1976:14 & 17), eller leggja dei i ein haug (gravhaugar). Desse to skikkane kan variere i storleik som har blitt tolka i forhold til statusen til den døde. Men også i forhold til kva samfunnet som gravla dei hadde av "finansar" til å konstruere grava (Ringstad

1986:15-47). Der var også ein skikk om å gravlegge den døde på Helgifjell, dette var eit fjell der familiens døde budde og det opna seg bare for å ta imot døde slektningar (DuBois 1999:88). Det er også vanleg å legge gravgods i gravene, dette gravgodset har gjerne bestått av våpen, rustningar, reiskapar, smykker og diverse andre gjenstandar som den døde skulle ha med seg til etterlivet. Det vart også meir vanleg i merovingar og vikingtid å leggje dyr og andre menneskjer i desse gravene (Vinsrygg 1979:66), Skipsgraven på Oseberg er eit eksempel på denne skikken (Gansum 2004:171). Gravgodset kan i nokon tilfeller ha blitt rituelt øydelagt, det er hovudsakleg våpen som har fått denne behandlinga men også nokre reiskapar (Dommasnes 1998:69, Shetelig 1905:32). Kvifor dette har skjedd er det mange tolkingar på. I arkeologisk praksis er det vanleg å tolke gravgodset opp mot statusen til den døde. Det er forskjellige tolkingar på kva som er med å indikere status, men mengda av gravgods og verdien av gravgodset er vanlege kategoriar for statusmarkering.

Kap 3,6: Eit anna forhold til døden

Som eg har nemnt så er det mange gravskikkar og dødsrike. Dette har ført til at jernaldersamfunnet har hatt forskjellige forhold til døden og korleis dei døde skulle handterast (Grøtberg 2007:72). Eg har den forståinga om at både liket og gjenstandane har blitt behandla på forskjellige måtar etter omstendigheta rundt den døde. Det er då mogleg at det har blitt nøye planlagt kva gjenstandar som vart lagt i grava alt etter kva dødsrike den døde ville komme til i etterlivet.

I jernaldersamfunnet var det vanleg å stelle den dødes negler slik at minst mogleg skulle gå som material til skipet Naglfar som skulle bringe fram dei døde i kampen mot gudane i Ragnarokk (Mortensson-Egnund et al. 2002:334). Det var også viktig å verne seg for gjengangarar, så då vart gjerne våpen øydelagt slik at dei ikkje skulle kunne nyttast mot dei levande (Dommasnes 1998:69). Spesielt omsyn til fraktinga av den døde gjerne ut av husets vegg slik at gjenferdet ikkje fant vegen inn att og konstruksjonen av grava var viktig slik at den døde ikkje skulle komme seg ut (DuBois 1999:84).

Synet på døden har vert skildra i mange kjelder. Den som kanskje er mest kjend er at det å dø i kamp er den beste måten å dø på, men det var mange syn på etterlivet. Men det som er viktig å hugse på er at døden den kom når din livstråd var nådd sin slutt. Det var forhandsbestemt av gudane når og kvar du døde, men det var viktig at ein levde som ein ærefull person fram til då

(Mortensson-Egnund et al. 2002:23-24 & 289). Det var også vanleg å prate med dei døde. Dette var gjerne kalla å sitja på haug. Det er også forteljingar om å gå på besøk i haugen til døde. Dette visar til at dei døde kunne reise til og frå dødsrike slik som dei ville (Grøtberg 2007:78-79). Denne haldninga har truleg ført til at frykta for at dei døde kom att var meir vanleg, og det var derfor viktig å heidre dei døde. Det kan være med å forklare kvifor denne religionen gjerne er skildra som ein forfaderkult. Det er då tydleg gjennom religionen, gravskikken og litterære kjelder at jernaldersamfunnet hadde eit nært forhold til døden og dei døde.

Plyndring av graver var heller ikkje uvanleg i jernalderen, og det kan være fleire årsaker for denne praksisen. Sidan dei døde ofte var respekterte så kan det i mange tilfeller dreie seg om personar som ikkje hadde tilknytning til den døde, det er då ein regelrett gravplyndring. Det kan ha vert slik at utstyr som den døde har hatt, har blitt henta tilbake til dei levandes verden (Jochens 1996:98-99). Dette kan være tilfellet når ein har graver som ser ut til å mangle bare våpen jfm Tussehågjen kap 5,1,2. Det kan også være tilfeller av at den døde har gått igjen og dei har opna grava og tatt gravgods frå den døde og gjerne forandra på gravtypen slik at den døde ikkje lenger skulle kunne gjere skade på dei levande (DuBois 1999:87-88) Der er også nokon skildringar om at døde vart henta ut av grava for å bli plassert på ein kyrkjegard når kristendommen var innført til eit område (Skalagrimson 1989:223, Steinsland 2005:426).

Kap 3,7: Oppsummering av jernalderen i Noreg

Jernaldersamfunnet har vert eit hierarkisk oppbygd samfunn der krig og død truleg har vert vanleg. Alle frie menn kvinner og barn hadde krav på å kunne bære våpen men også trellar har kunne bært våpen. Med ein slik kvardag så har det vert eit intrikat syn på etterlivet som har vært nært knytt til dei døde og dei levande. Innimellom all denne volden så har det også vert eit samfunn med mange reglar og måtar ein skulle te seg og korleis ein kunne få ein god plass i etterlivet. Der var ein storstil handel både innanriks og utanriks, som igjen har ført til kultur kontaktar og eit meir komplekst samfunn enn kva vi kan sjå gjennom dei forskjellige kjeldene. Vi kan då på mange måtar sjå at dette var eit samfunn som var krigersk, men også eit som tok vare på kvarandre og satt personleg ære veldig høgt. Den høgaste æra ein person kunne få var å få sitt ettermæle hugsa, enten gjennom sagaer eller gravminner. Det har også vert slik ei striding at plyndring av graver har vert vanleg, men også at ein kunne hente viktige ting i gravene sidan etterkommarane gjerne viste kva utstyr den døde var gravlagt med.

Kapittel 4. Metode og Teoriar

4,1: Metodisk og teoretisk tilnærming

Hovudfokuset i material gjennomgang blir gravgodset, indre og ytre konstruksjon, og topografisk plassering av dødshusa. Eg kjem til å bruke omgrepet ”grava” i forbindelse med heile gravkonstruksjonen. Denne bruken vil være i generell omtale av gravene medan eg vil bruke namnet på gravene når eg pratar spesifikt om ei grav. Med å sjå på desse delane av grava så vil eg etablere eit grunnlag for kva tydnaden dødshuset og grava kan ha hatt for den døde og dei levande i samfunnet. For å sette ein systematisk standard på denne oppgåva vil eg starte innerst og jobbe meg utover i gravene.

For å kunne forklare kva rolle dødshusa har hatt i jernalderen, vil eg gå igjennom dei forskjellige punkta i metoden. Samstundes vil det bli vist kva teoretiske aspektar som kan belyse statusen til den døde og meininga med dødshusa. Eg vil som nemnt begynne innerst og jobbe meg utover i materialet. Til denne typen oppgåve så er det snevert å bare presentere to teoretiske vinklingar. Grunnen til at eg bare visar to er at eg veljar å heller gå litt inn på noko spesifikt ein å ta overflattisk på alt. Ved å sjå på status og meining så er eg inne på to store og populære aspekt i jernalderforskinga. Eg har også eit syn på at desse to er mest kontroversielle og visar best kva potensiale dette materialet har.

4,2: Tolking og forståing av materialet

Eldre oppslagsverk har også vert ein viktig kjelde til dette materialet. Leser ein Edda og Songene så får ein nesten ein samtidskjelde som skildrar mentaliteten til tida då dødshusa vart konstruert. Desse kjeldene blir då eit viktig grunnlag for å få ein forståing om meininga til dødshusa. Desse kjeldene er også moglege skildringar av landskapet dødshusa var knytt til. Noko som er viktig å hugse på når ein jobbar med desse skriftlege kjeldene, er at dei vart nedskrevet nokre år hundre etter at dei fyrst vart fortalt. Dette gjer at det kan ha vert gjort forandringar spesielt etter at kristendomen tok over som religion i Skandinavia. Dei skriftlege kjeldene må ein ha eit kjeldekritisk syn på når ein skal dra slike tolkingar som vil bli gjort i denne oppgåva. Det er derfor ingen grunn til å utelate desse kjeldene så lenge ein kan nytte tverrfaglege kjelder til å belyse dette samfunnet (Andersen 2007:28).

4,2,1: Gravgodset

Innhaldet i grava vil være eit reiskap for å kunne frambringe forståing om den døde i grava og dei som gravla den døde. Dei forskjellige gjenstandane har etter lang tid i jorda gjerne blitt naturleg øydelagt, men vi kan framleis analysere korleis desse gjenstandane var når dei vart lagt i grava. Det blir viktig for meg å kunne gje ei framstilling av desse for å kunne unngå forskjellige problem som måtte være med framkomsten av materialet mitt. Det er også vanleg å vise til kjønn gjennom gravgodset. Dette blir eg ikkje å gjere i denne oppgåva sidan eg ikkje ser det som uproblematisk å tolke alle graver med våpen som mannsgraver, sidan det framkjem i sagamaterialet og historiskekjelder at kvinner også brukte våpen og gjekk i krig (Holand 1989:72-73, Jochens 1996:97-112). Sjølvst det er i mange tilfeller samsvar mellom osteologisk materiale og gravgods, men det blir ikkje rellevant for denne oppgåva å undersøke etter kjønn til den døde i grava.

Kategoriane av gravgods og tolking som vil bli undersøkt i denne oppgåva er:

- Våpen: gjer informasjon om status til den døde og eit syn på etterlivet.
- Importgjenstandar: visar til ein mogleg verdi, status og kontakt nettverket til den døde.
- Reiskapar: gjer informasjon om samfunnet som konstruerte grava og rolla til den døde.
- Kjøkkenutstyr: er med på å indikere reise eller om den døde skulle bu i grava.
- aktivitetsgjenstandar: er ein indikasjon på at den døde skulle bu i grava.
- Religiøse/rituelle gjenstandar: er ein indikasjon på spesielle roller til den døde.
- Dødshus: restane etter dette gjer informasjon om sjølve morfologien til dødshuset. Spikar og naglar er ofte det mest bevarte restane etter dødshuset, medan material restar som treverk og stein kan gje dei mest konkrete spora om dødshuset.

Ved alle desse gjenstandane kan eg sjå etter eventuell rituell øydelegging som kan indikere dei etterlevandes syn rundt den døde gjennom respekt, frykt eller tabu (Dommasnes 1998:69, Grøtberg 2007:72-73, Hoftun 2001:111 & 157-159, Shetelig 1912:104-107). Om der er møblar i grava så vil eg også sjå på dei som ein mogleg indikasjon på at den døde skulle bu i grava.

Våpen visar til at den døde har hatt ein nødvendighet for å ta med seg våpen i grava. Dette kan gje spor om ein religiøs meining med gravlegginga om kvar den døde skulle hamne i etterlivet. Det kan også være ein indikasjon på korleis den døde gjekk bort. Viss ein tolkar vida-

re på Oddgeir Hoftun sin tolking om at Valhall var eit spesialisert supplement for hel (Hoftun 2001:111). Då er det ikkje usannsynleg at gravgodset reflekterer same situasjon at graver med våpen skal til Valhall og utan våpen kan være meint for Helheim.

Importgjenstandar er ein viktig indikasjon på at den døde har enten vert ute å skaffa slike gjenstandar eller at den døde har hatt kontaktar og økonomisk grunnlag til å kjøpe til seg slike varar. Dette er som oftast gjenstandar som blir assosiert med status, men det kan også være ein anna årsak til at den døde har fått desse med seg i grava. Slike gjenstandar er gjerne assosiert med rikdom og makt (Ringstad 1986:219). Det blir då viktig å sjå om det kan være ein samanheng mellom rikdom/makt og dødshus.

Forskjellige reiskapar kan vise til kva arbeid den døde har utført i livet. Dette kan då vise til om dei som er gravlagt i dødshusa har vert utøvarar av spesifikke yrker eller vert kyndige i mange yrker. Det blir då viktig til tolkinga om kven den gravlagde i dødshuset var og om det er noko mønster i reiskapen som vart lagt med den døde. Slik som graver som inneheld smedreiskapar gjerne har vert tolka som smedgraver eller at den døde har hatt tilknytning til smeden (Bøckman 2007:6-9, Sauvage 2005:68-70)

Kjøkkenutstyr omhandlar ikkje bare alt av reiskapar man har for matlaging, men også for å konsumere maten. Dette er utstyr som kan tolkast mot matlaging eller niste til den døde før ei lang reise. Det kan også være eit spor om at den døde skulle bu i grava (Grøtberg 2007:72-73). Det blir då viktig å sjå etter kva moglegheita den døde hadde for å kunne bu i grava.

Aktivitetsgjenstandar omhandlar gjenstandar som har underhaldningsverdi. Her tar eg med spelebrett og brikker, leikar, musikkinstrument og ”kunst/praktgjenstandar”. Dette er ein type gjenstandar som kan ha verdi for etterlivet.

Rituelle og religiøse gjenstandar i desse gravene kan gjerne koplast opp mot at den døde hadde ein rituell rolle i denne og den neste verden. Eit eksempel på slike gjenstandar kan være som knipla med Torshammarar som vart funne på Hilde i Nordfjord (Hellesøe 2006:119). Det kan då være viktig å sjå etter slike roller til den døde etter moglege mønster i gravmaterialet i dødshusa.

Dødshuset vil ikkje bli presentert som gravgods, men bygningsrestane, spiker og naglar vil bli tolka opp mot konstruksjonen av dødshuset. Ved hjelp av skriftverk om byggeskikk, vil det bli mogleg å få grunnleggande informasjon om jernalder-konstruksjonane (Hole 2007, Myhre

et al. 1982). Med å samanlikne desse blir det mogleg å sjå etter samanhengar mellom dødshusa og desse byggeskikkane frå jernalderen.

Spiker og naglar er viktig å undersøke på eit meir detaljert nivå sidan det vil kunne gje informasjon om sjølv dødshusets konstruksjon. Med slik kunnskap kan det bli gjett ein klar indikasjon på kva type konstruksjon dødshusa kan ha vert basert på. Ved å måle lengde, bredde, tjuknaden og dimensjonen på spikarhovudet så kan det vise til eventuelle dimensjonar på forskjellige plankar. Dette kan gje spor om dimensjonen på sjølv dødshuset i dei tilfeller der det ikkje er bevart tremateriale frå huset. Eg har ikkje sjølv fått moglegheita til å undersøke spikar og naglar som er funnet frå dei forskjellige dødshusa. Dette blir då viktig å gjere når ein har slik tid tiggjengeleg, sidan dette kan gje nyttig informasjon om konstruksjonen til dødshusa.

Restar etter huskonstruksjonen er restar etter bygningsmaterialet, men det kan også være andre spor slik som avtrykk i jorda etter desse bygningsrestane. Slike avtrykk kan gje spor om huset har vert lafta eller konstruert av plankar. Har eg bygningsrestar så er det mogleg å gje konkret tolking av materialet som har blitt brukt til konstruksjonen. Men sidan desse restane gjerne er samanraste så kan avtrykk i jorda gje spor om korleis det såg ut når det sto oppreist. Slik om ytterveggane var konstruert av plankar eller stokkar og om desse låg eller sto. Haakon Shetelig nytta stolpehol til å dokumentere om trefiber frå stolpane har vert loddrette og der med om korleis dei var konstruert (Shetelig 1905:24-32). Slike avtrykk kan gje viktig informasjon om konstruksjonen sjølv om materialet er rotna vekk.

Problem med å sjå på gravgodset er at utgravingsmetodar har utvikla seg til det betre med åra, noko som gjere at konteksten til funnet har blitt betre. I arkeologiens spede barndom var det viktig å samle inn dei finaste gjenstandane, og arkeologane grov seg gjerne rett inn til midten av gravminnet. Men i nokre tilfeller så vart gravhaugane heilt utgreven. På den tid vart det gjerne nytta ufaglærte utgravarar som kan ha ført til at funn ikkje vart oppdaga (Gansum 2004:170, Nordgård 2006:38 & 42-43). Dette medfører at mitt materiale frå dei tidlegaste utgravingane kan ha tilfeller av å ikkje ha fått med alle funn som kan være assosiert til grava. Dette er ein potensiell feilkjelde i materialet frå dei tidlegaste utgravingane. Utvikling av konserveringsteknikkar har gjort slik at vi no har betre bevaring av funn. Det er då ikkje uvanleg at funn som har komet inn i tidlegare tider gjerne ikkje lenger er i den stand som når det kom inn til magasinet (Helgen 1982:31). Dette vil også være problematisk med det materialet frå dei tidlegaste utgravingane. Noko som var betre med dei eldre utgravingane var at dei gjerne

la vekt på å gje skildringar av sjølve gravgjemmet, i staden for å komme med konkrete tolkingar (Dommasnes 1998:65, Ringstad 1986:12-13). Dette gjere at mine eldre utgravingar framleis kan gje viktige bidrag som nyare undersøkingar kanskje ikkje er like gode på. Så når det kjem til problem med materialet mitt som har komet frå forskjellige periodar så er der både ulempar og fordelar med dei alle.

Når det kjem til tolkinga av innhaldet i grava så kan ein sjå det mot at den døde skulle bu i grava eller ha moglegheita til å kome att til grava når det var nødvendig. Då ser eg at forskjellige gravgods kan være refleksjonar for ei slik meining med grava. Kjøkken-, mat- og underhaldningsreiskapar/utstyr er då gjenstandar som kan gje tvetydige spor (Grøtberg 2007:72-75). Spel slik som Hnefatafl kan ha vert brukt som reiskap for å lære og skjerpe kamptaktikk (Kristensen 2007:100, Skomsvoll 2012:11). Dette kan då kanskje være eit reiskap som den døde fekk med i grava for å seinare kunne opplyse den som spurte om råd, spesielt viss det var valdsbruk som var temaet for rådspørjinga. Medan mat og matrelatererte reiskapar har ofte blitt tolka som niste til den døde spesielt viss dei ikkje har fått same behandling som resten av gravgodset (Lorange 1875:156). Om vi ser desse tolkingane i samanheng med dødshus, så er dei med på å vise meininga til dødshusa.

I nokon graver så har dei med intensjon øydelagt gravgodset. Ser ein dette i dødshusa så kan det i lag med morfologien bli sett som eit forsøk på å unngå gjengangarar eller at den døde eller gjenstandane ikkje skulle kunne skade dei levande frå grava (Dommasnes 1998:69)

Innhaldet i gravene er ein viktig kjelde til tolking. Her vil eg sjå på forskjellen mellom brann- og skjelettgraver. Det er ofte framstilt slik at branngraver var til for å gje den døde ein rask overgang til dødsriket, og impliserar at den døde ikkje skulle bu i grava (Dommasnes 1998:68, Montgomery 2000:20). Er det då mogleg at dødshuset i branngraver skal ha fungert som heim til den døde?

Gravgodset kan også gje oss ein indikasjon om statusen til den døde. det er derimot ikkje alltid lett å bestemme kva som er rike og fattige graver (Hedeager 1992:103, Price 2008:151). Der er masse usemd om kva som indikerar ei rik grav. Bjørn Ringstad nytta importgjenstandar av gull, bronse, glas, beslag, relikvieskrin, irske, frankiske og angelsaksiske smykke som rikdoms kriterium i graver (Ringstad 1986). Eit anna kriterium som blir nytta av Lotte Hedeager er Number of Artefact types analysar (NAT) for å vise den sosiale forskjellen i gravene (Hedeager 1992:103). Med ein slik analyse så går det reint etter talet av gjenstandar. Båt kan like gjerne være ein indikasjon på status sidan dei har blitt sett på som kostbare (Sørheim

2010:62). Ser ein i sagaen så er skip dugleige gåver til kongar. Jenny- Rita Næss visar til at det var dei folk som hadde råd til og ofte nytta seg av skip, som gjerne kunne bli gravlagt med eit skip (Næss 1969:75, Skalagrimson 1989:87-88).

Det er tydeleg ei viss usemd om kva ein kan karakterisere som indikasjon på rike graver, men uansett kva kategori ein nyttar så er forhåpentligvis alle einige med meg at der er slingringsmon i alle teoriane. Ei grav med ein gull-armring er kanskje rikare enn ei med to drikkekar av glas, sjølv om ein nyttar Ringstad sin teori. Det same kan vel seiast om ein nyttar NAT med same gull armring mot 2 pilspissar og ein kniv. Likeins burde kunne seiast om ei grav kunn med spor av ein 4 m lang båt og ei grav med ein gull armring. Dette er då satte heilt på spissen for å framvise eit hypotetisk problem med at ein ikkje blindt kan følge teoriar. Det er ikkje ukjent at gravgoods kan over- eller under- kommunisere meininga til ei grav. Eg vil då hovudsakleg legge vekt på mengda av gjenstandar (NAT) og importgjenstandar, sjølv sagt med omsyn. Grunnen til at eg også vil sjå etter importgjenstandar er at det gjerne var ledarane i samfunnet som fyrst fekk tilgang til slike gjenstandar (Whittaker 2006:104).

Våpen og reiskapar vil være med på å vise til kva roller den døde har hatt, men også kvar den døde kunne hamne. Dette er då med på å indikere kva status/rolle ein person har hatt før gravlegginga og/eller korleis personen døde. Ser ein på tolkingane om jernaldersamfunnets syn på etterlivet, så har Valhall vert for krigaren og dei krigskyndige, medan Helheim har vert for dei eldre og svaklige/sjuka. Hel som guddom har ingen kvalifikasjonar for krig og dermed trenger ikkje den døde å få våpen med seg dit. Det same gjelder folk som hadde gjort nid/niding. Dette var folk som hadde gjort stor skam og ville hamne i Muspel/Muspelheim eller Nånstrand, der dei fyrstnemnte skulle seile med Loke på Naglfar til Ragnarok. (Heggstad et al. 2008:454-456, Hoftun 2001:111 & 159, Mortensson-Egnund et al. 2002:333-334, Sauvage 2005:68-70, Steinsland 2005:340-341).

4,2,2: Morfologi

Morfologi er eit samlingsomgrep for eit vidt spekter av forma til ting og skildringar av denne ”tingens” form/struktur. Morfologien vil eg sjå på i to omgangar. Fyrst vil eg sjå på den indre konstruksjonen som vil være sjølv dødshuset og korleis det kan ha sett ut når det vart konstruert. Dette vil eg gjere for å kunne diskutere moglege meiningar med dødshusa. Den ytre morfologien vil eg sjå på for å kunne gje ein diskusjon om sjølv gravminnet som vart konstruert rundt dødshuset. Dette blir gjort for å undersøkje om det er eit samsvar eller ikkje mel-

lom dødshus og gravtypen. Dette ser eg som nødvendig når det kjem til ein diskusjon om meininga med dødshusa og statusen til den døde.

Indre morfologi vil eg kunne finne etter ein gjennomgang av dødshusa som kommer i kapittel 5. Med ein oversikt over konstruksjonen på kvart dødshusa, så kan eg samanlikne dei med konstruksjonar som er omtalt i kjeldene og i litteratur om byggeskikk i jernalderen (Hole 2007, Mortensson-Egnund et al. 2002, Myhre et al. 1982). Om det er ein samanheng med restane etter dødshusa og dei bygningane vi veit har blitt nytta i jernalderen, så er det grunnlag for diskusjon. Ein slik diskusjon kan ein sjå nærmare på om det har vert av praktiske eller rituelle årsaker for at dødshusa vart konstruert. Samstundes kan eg sjå om der er grunnlag for å hevde om husa var konstruert etter forbilde. Sidan min oppgåve går ut på å belyse ein mogleg dødshusgravskikk så blir det viktig med ein god skildring av dødshusa sin morfologi. Dette ser eg som viktig slik at det i framtidige utgravingar blir lettare å identifisere dødshusa (Myrhe 1976:14-18). Med å sjå på den indre morfologien kan det være med på å avgjere statusen på den døde, om det har blitt gjort flid med konstruksjonen eller om det bare var ein hastejobb.

Problemet med dødshus er at det ikkje har vert eit omgrep før på 70-talet då Løken og Myhre undersøkte gravene på Senum og Etne, men fokuset vart ikkje vidareført. På grunn av dette så er ikkje alltid dei skildringane eg trenger til mine undersøkingar til stades i rapportane (Løken 1971, Myrhe 1976).

Ytre konstruksjon er sjølve gravanleggets form. Denne vil eg sjå på i samanheng med to aspektar. Fyrst for ein eventuell statusmarkør, med at store haugar er eit symbol for samfunnets makt og sosiale deling. Det andre eg vil sjå på er om gravminnet kan ha blitt nytta som ein markør i landskapet enten for garden og ætta eller over større områder (Gansum et al. 1997:14-15, Ringstad 1986:13 & 30-31, Solberg 2003:30 & 148-150).

Når ein skal sjå på dei som ein markør i landskapet så går det inn på topografien, men den ytre morfologien setter ramma for kor synleg grava var og kva rolle den kan ha hatt i landskapet (Gansum et al. 1997:14-15). Dei største gravene kan ha fungert som landemerke for reisande og status symbol for gardane i området. Det har vert viktig for reisande langs kysten å nytte seg av kjente landemerkar, slik at ein viste kvar langt nord/sør ein hadde komet på reisa (Ringstad 1986:30-31). Det blir vanskeleg å tolke graver under flatmark utan gravmarkeringar som landskapsmarkørar men ein veit ikkje om det kan ha vert større markeringar av grava over bakken som seinare har forsvunne. Dette kan være eit tilfelle med nokon av dødshusa

som har kraftige stolpar rundt i forhold til gravas storleik, at desse kan då ha vert høge konstruksjonar som synst godt i terrenget (Jørgensen 1981:9, Myrhe 1976:15-18).

Morfologien er det konstruksjonsmessige med huset og målet mitt med å sjå på dette, er at forskjellige konstruksjonsformar kan sjåast opp mot teoriar rundt hus. Det kan også vere viktig å kartlegge morfologien slik at det seinare kan bli sett etter forskjellar i konstruksjonen. Desse forskjellane kan settast opp mot mine to andre undersøkingskategoriar for å sjå etter tendensar i utspreiing eller innhald.

Når eg skal analysere morfologiske aspektar ved dødshuset vil eg om mogleg sjå på kvaliteten på gravas konstruksjon. Kvaliteten kan eg tolke opp mot ein mogleg sikring mot gjenferd. Thomas A. DuBois konkluderte etter ein gjennomgang av sagamaterialet at det i vikingtid har vert heilt vanleg med besøk frå dei døde. Men det ser ut til å ha vert mogleg å unngå eller forårsake slike besøk med å behandle den døde på ein skikkeleg måte (DuBois 1999:84 & 91). Gustafsson har sett på den same moglegheita i stein- og bronsealdermaterialet frå Skandinavia og såg på moglegheit for at godt konstruerte hus kan ha fungert som ein sikring mot gjenferd (Gustafsson 1988:42 & 49-50). Med eit godt konstruert hus er det to måtar det kan bli tolka. Ein er at huset er solid konstruert slik at den døde ikkje kjem seg ut. Den andre er at huset og gravgodset er av den kvalitet/form at den døde ikkje vil/trenger å forlate huset (Grøtberg 2007:72-73, Gustafsson 1988:42).

Indre morfologi vil eg kunne analysere etter at eg har tatt ein gjennomgang av restane til dødshuset. Johan Terje Hole har satte meg på sporet av å sette analogiar frå kjente strukturar som hus over til dødshusa slik at eventuelle samanhengar mellom desse blir meir tydelege (Hole 2007:19). Dette gjere eg for å kunne dra slutningar rundt meininga med dødshusa og statusen til den døde, det er då om å finne liknande skildringar om hus i andre kjelder som kan samanliknast med restane etter dødshus. Med å sette materialet inn i eksisterande kontekstar frå kjente huskonstruksjonar får eg eit bilde av formata til husa. Husforma må eg ha klar for å kunne ha eit grunnlag for tolking mot ein status eller meining med dødshuset sin konstruksjon. Som nemnt under gravgodset i kap 4,2,1 så er det fyrst etter ein analyse av den indre morfologien, at ein kan gjennomføre ei undersøking om der kan ha vert eit forbilde til dødshuskonstruksjonen.

Når det vart satt nytt blick på alle dei skipsgravene i Noreg som hadde lite naglar/spiker og treverk, vart mange tolka til å være kammergraver (Stylegar 2005: 166). Av same årsak så ser

eg det som like mogleg at det kan bli identifisert fleire dødshus om ein ser på kammergravene med nye teoretiske tolkingar og morfologiske definisjonar.

Den ytre morfologien kan tolkast mot ein legitimering av hierarkisk makt hos dei som konstruerte gravminnet, samt den dødes makt med å få eit slikt gravminne. Dette er tydeleg gjennom arbeidsmengda som har blitt lagt ned i konstruksjonen av haugen. Det var også med på å bevare minnet om den døde (Ringstad 1986:29-34, Sturluson 1979b:9). Dette er relevant for ein tolking om dødshusa var ein form for symbolisering av makta til den avdøde og/eller etterkommarane.

Morfologien vil eg også sjå opp i mot korleis dei forskjellige hallane i norrøn mytologi har sett ut, og om det kan være ein samanheng mellom dødshusa og dei mytologiske hallane. Dette er då ein hypotese eg ser for meg, og som eg vil nytte som ein mogleg forklaring på kvifor dødshusa vart konstruert. For å kunne gjere dette så må eg sjå på dei tekstane som beskriv desse hallane, eit anna verk som blir til god hjelp er Jorg Aune sitt oppslagverk over den norrøne mytologien. I det verket har han blant anna laga kart og skildra korleis gudeverden kan ha sett ut (Aune 2009:181-217). Dei hallane som er skildra med morfologiske trekk er ein hall på Nåstrand som hadde veggar og tak av samanfletta eitarormar (Aune 2009:203). Valhall har taksperrer av spyd og tak av skjold (Lind 2009:213). Noatun med sine høge veggar av tømmer (Mortensson-Egnund et al. 2002:59). Sessrumne er skildra som ein stor og fager hall (Mortensson-Egnund et al. 2002:298).

4,2,3: Topografi

Topografi er eit stort tema som vil være viktig når ein skal frambringe forklaringar på dødshusa. Ved å analysere plasseringa av dei forskjellige gravene i sin lokaltopografi vil ein få betre forståing om dødshusa sin rolle i landskapet (Gansum et al. 1997:13). Det er då eit mål for oppgåva å sjå på landskapet frå menneskets perspektiv, men med at eg ikkje kan reise til desse stadane å sjå landskapet må det nyttast gis, kart, foto og skildringar frå skriftlege kjelder. Dette gjer at det ikkje er mogleg å få gjort ein direkte analyse som medfører eit potensiale for feil i landskapsrommet som ein må være påpasseleg for i diskusjonen.

Topografi nyttar eg for å kunne gje eit betre syn på plasseringa av dødshus over nokre nivå. Nedanfor vil eg forklare nokre teoretiske nivå for min undersøking av den topografiske mei-

ninga med dødshusa. Samt kva kriterium som eg skal leggje vekt på i min presentasjon av dødshusa.

- Landskapsrom vil eg sjå på fyrst for å kunne gje ein forståing om korleis dødshuset eller gravminnet kan ha påverka menneskets oppfatting av landskapet. Dette er så i form av landemerke eller som symbol for makt- eller eigedomsmarkering.
- Rituel/religiøst nivå vil være det andre nivået, dette for å sjå etter samanhengar mellom hallane i etterlivet og dødshusa. Det vil også bli sett etter samanhengar mellom landskaps plassering og kjente rituelle plassar.
- Geografisk vil være det siste nivået, dette vil være i samanheng med dei andre dødshusa i Sør-Noreg om det er nokon samanheng mellom morfologien til husa i det litle og det store landskapsbildet.

Landskapsrom er eit omgrep som ikkje har nokon klar definisjon, men det baserar seg på at ein må forstå landskapet ut i frå kva mennesket kan observere i området. Landskapsrommet er då avgrensa av golv (flata i landskapet), veggjar (åsar, bakkar, fjell og fortidig vegetasjon) og tak (himmelen) (Gansum et al. 1997:13). Dette vil variere etter forhold og landskap derfor blir det viktig å analysere gravene i sitt lokale landskapsrom.

Når eg skal analysere landskapsrommet er der mange måtar å gjere dette på, men for å gje det ein kontekst til grava, så blir det mest relevant å ta utgangspunktet i sjølve kulturminnet (Gansum et al. 1997:13). Valet for eit slikt referansepunkt for landskapsanalysen er basert på grunnlag av at plasseringa av desse kulturminna i landskapet ikkje har vert vilkårleg. Plasseringa har vert meir eller mindre planlagt ut i frå den meininga og rammene dei har hatt for å konstruere dødshusa og den ytre morfologien til gravminnet (David og Thomas 2008:27). Landskapsrom vil eg analysere gjennom kriteria for kor synleg dødshuset er i landskapet i dag. Eg vil analysere dette for å kunne gjere tolkingar ut i frå at statuspersonar gjerne har blitt plassert synleg i terrenget (Ringstad 1986:29-34, Sturluson 1979b:9). Slike synlege monument har blitt tolka av Ringstad til både å være for å ære den døde samstundes som at det kan være eit landemerke for reisande (Ringstad 1986:30-31). Ei anna forklaring på denne konstruksjonen kan være at folk på staden skulle gjere landskapet meir kjent for dei sjølv. Dette kan være gjennom å skape eit fysisk miljø, men også for å konstruere eit historisk rammeverk for sitt område (Gansum et al. 1997:18). Når ein då skal omforme eit område til noko heimleg blir det naturleg med gravminnar over føregåande slektningar. (Gansum et al. 1997:18)

Solberg visar til at tidleg norsk lov har hatt eit system med odelshaug (Solberg 2003:148-149). Dette tolkar hun opp mot at gravhaugar kan ha hatt same nytta i jernalderen. Frode Iversen har hatt same tolkinga når han undersøkte mellomalderens lendmannsgardar, om dei kunne ha vert organisert som større gardar alle reie før mellomalderen. Desse gardane ser han mot kjente gravminne og konkluderar mot at der er ein samanheng. Det kan då sjå ut som at gardar med gravminne har tilhørt frie bønder i eldre tid og gardar utan gravminne har vert utleigd (Iversen 1999:69-70). Desse odelshaugane kan vere vidare utvikling av tidlegare konstruksjonar av historisk kontekst.

Når ein skal gjere ei topografisk analyse er det mange element ein kan førehalde seg til, men i denne oppgåva vil det ikkje være mogleg å gjere ei total undersøking. Eg skal heller fokusere på dødshusa og sjå det opp i mot nokon element som er grunnlaget for tolkingar om plassering i landskapet etter samanhengar med nokon konstruerte faktorar:-

- Maktsenter
- Ferdselsårar
- Utsikt til landskapet frå dødshuset
- Rituell/religiøs plassering

Dette ser eg som eit godt grunnlag som kan hjelpe til med ein forståing om dødshusa. Eg vil dermed ikkje fokusere på ein samanheng med andre enn dei nemnte faktorar. (Gansum et al. 1997:15-16 & 20-22). Årsaka til desse vala er at eg ikkje ser det som nødvendig i eit arbeid der eg vil presentere dødshus-fenomenet, men det vil sjølvsagt bli nødvendig i eit arbeid som skal gje ein total analyse av dødshus. Ein slik total undersøking ser eg ikkje som mogleg i storleika og tidsramma til ei masteroppgåve sidan det er eit stort og krevjande tema.

Når det kjem til min landskapsanalyse så har eg valt ut nokon kriterium å gå etter. Desse kriteria trenger nok ei lita definering for å unngå diverse feiltolkingar ovanfor lesaren, sidan dei er ganske vide omgrep. Synsfeltanalysen er produsert i GIS (Geografiske informasjonssystem) desse gjer oss eit bilde på kva som kan bli sett frå eit punkt i terrenget. For å kunne få ein skikkeleg analyse av dette så har det vert nødvendig å sette ein standardhøgde på punktet synsfeltet går ut i frå. Dette punktet var på 2m høgde for dei hus som er på flatmark og som høgda ikkje er mogleg å stadfeste, medan dei graver med haug har det blitt nytta dagens haug høgde som punkt høgde. Dette vart gjort av den grunn at det er truleg at det var mogleg å gå inn i dei fleste dødshusa for å legge den døde til kvile.

Appendiks II er dei karta som eg har nytta til denne landskaps analysen. I desse karta har eg tatt med stiar, myrer, skog, opent område og forskjellige typar vaten som er der i dagens område. Stiar kan være gamle nokon heilt tilbake til før jernalderen der med så kan dei representere ferdselsårar. Myrer har hatt ein rituell og resursmessig rolle i jernalderen (Jørgensen et al. 2003:19-20) som gjer at eg har valt å ta desse med slik at ein kan få eit inntrykk av kva moglege rituelle stadar som er i nærheita til dødshuset. Vaten har flytta seg lite i sidan jernalderen og dei har vert viktige i den norrøne mytologien og der med ser eg dei som viktige å legge med i desse karta. Skog og opent område tar eg med for å skape litt dybde på kartet sjølv om desse kanskje ikkje var der i jernalderen så er dei med på å skape eit sanseintrykk til kartet. Det større moglegheit at skog og opent område i fjella kan vere dei same i dag som i jernalderen så i dei områda så er dei relevante for karta.

Maktsenter er senter som kan ha hatt ein maktposisjon over eit område. Der vil eg nytta Bjørn Ringstad sin bok om Vestlandets største gravminnar, sidan han der har ein god oversikt over Vestlandet sine maktsenter. Myhre sin artikkel om ”organisasjon i Vest-Noreg” har ein god oversikt over maktsentera innaføre det området eg har lokalisert dødshus. I min analyse vil eg sjå etter korrelasjon mellom desse og dødshusa (Myhre 1990, Ringstad 1986). Ein slik analyse vil kunne gje nokon svar rundt statusen til dødshusa.

Ferdselsårar er i denne samanheng haldt til fjellovergangar, kjente vegar og sjøfarts linjer. Desse tar eg med i analysen sidan det kan ha tydnad opp mot meininga til morfologien til gravva. Når eg foretar meg ein slik analyse vil eg sjå etter kva ferdselsårar det er i nærheita og om desse kan bli sett frå dødshuset. Om kva vegar og horisontar dødshuset visar seg til, og om dødshuset i seg sjølv kan ha fungert som landemerke (Gansum et al. 1997:14-16 & 23-24). Dette er relevant for ei undersøking om kva meiningar som kan ha vert tillagt dødshusa, og om det var ment for å vise dei fram for folk som kom reisande eller om det var eit meir innelukka og privat formål med plasseringa. Dette må då bli tatt med i forståing at eg ikkje kan være der sjølv og dermed kun kan bli ei generell skildring.

Utsikt i landskapet frå dødshuset her vil eg basere meg på kva utsikt ein har frå gravminnet sidan dette kan bli nytta mot tolkingar om å bu i grava. I denne delen vil eg nemne kva andre kulturminner som er i området og som kan hjelpe til med ein tolking.

Rituell og religiøs plassering tolkar eg mot at nokon stadar i landskapet har blitt sett på som rituelt nyttige, slik som til dømes vøll (norrønt for eng/mark) som har hatt mange tydnadar i norrønt språk. Dei har også hatt ein spesiell rolle i det rituelle, har då graver plassert på slike-

stadar ein rituell meining? Leser vi dei norrøne sogene eller Edda så finner ein mange slike stadar (Heggstad et al. 2008, Mortensson-Egnund et al. 2002, Mortensson-Egnund 1986). Religiøse stadar er litt meir abstrakt å tolke, men her ser eg for meg at nokon stadar har religiøs tydnad. Dødshusa kan då ha blitt plassert i likskap med hallar/hus i gudeverda. Dette er kunn om det er noko samsvar mellom dødshusets konstruksjon og dei mytologiske hallane, samt at dei har lik plassering som i gudeverda. Viss det er ein slik relasjon mellom dødshusa og gudeverda så kan det vise til ein religiøs symbolsk meining med dødshusa.

Religiøse/rituelle plasseringar i landskapet vil eg tolke til kvar dødshuset er plassert. Eg vil sjå religiøs plassering saman med morfologien, om det er samsvar mellom morfologi og plassering med gudehallar, kan dødshuset bli tolka opp mot ein religiøs meining med dødshuset. Nokon slike stader er hallar som er plassert med strender men ikkje orientert mot vatten som kan tolkast mot Nåstrand. Hallar med langside mot elvemunningar som kan tolkast mot Valhall. Hallar orientert mot sjøen som kan tolkast mot Noatun (Aune 2009:186, 188 & 203). Hus som ikkje har nokon klar tilkobling til noko kan tolkast til Sessrumne som ligger mellom alt og ikkje har nokon klar assosiasjon til nokon bestemt stad/landskap (Aune 2009:186).

Rituelle stadar i norrøn litteratur er stadar slik som holme eller andre avgrensa områder der holmgangane helst skulle haldast (Kent 1989:257-258, Lind 2009:92 & 107). Vøll/vøllr er ein anna plassering som kan tolkast mot blant anna ei stridsmark. Nokre slike stadar i litteraturen er Vigridvøllen og Idavøllen der det siste slaget til gudane skal stå og der livet starta og skal begynne på ny (Heggstad et al. 2008:738, Lind 2009:115 & 219, Mortensson-Egnund et al. 2002:334 & 340).

Geografisk undersøking av dødshusa vil bli basert på det større landskapsbildet. Eg vil presentere eit bilde av alle dødshusa i eit samla syn. Målet med ein slik undersøking vil vere å presentere nokon moglege samanhengar mellom dødshusa over eit større område. Her vil eg sjå om det er regionale forskjellar mellom gravgods og/eller morfologi. Med å kunne stadfeste eventuelle forskjellar blir det mogleg å vise til avvik eller variasjonar i kva teoriar ein kan nytte seg av i forskjellige områder. Det er fyrst med ein slik undersøking at ein kan sjå variasjonar i årsaka til konstruksjonen av dødshus i dei forskjellige delane av landet. Dette ser eg som viktig sidan bare ein del av landet har blitt tatt med i denne oppgåva. Det er då viktig å hugse på til seinare arbeid at der kan være variasjonar frå stad til stad og landsdel til landsdel.

Det blir også viktig å sjå etter forskjellar i plassering av dødshus og eventuelle tilknytningar til kjente maktsenter frå jernalderen. Her vil eg sjå på Myhre og Ringstad sine tolkingar av kvar

maktsentera har funnet sted (Myhre 1990, Ringstad 1986). Med å sjå på plasseringa i førehald til dateringane av maktsenter og gravene så kan eg gå inn på gardsteorien Det kan like gjerne belyse teoriane om at den som grunnla ein ny busetting har fått eit hus i grava si. Er det slik at der er samanheng i datering mellom maktsenterets start og ein person gravlagt med rikt gravgods i dødshus. Kan då Gansums teori utvidast med at ikkje bare grunnleggjaren av garden, men også for maktsenteret fekk ein slik gravleging?

Dei tre gruppene av metodar som blir vektlagt i denne oppgåva støttar seg på kvarandre og henger godt saman. Det blir då viktig å nytte alle desse metodane saman opp mot mine teoriar for å få ein god innføring om dødshus i Noreg. Når teorien og metoden er sett saman så kan eg diskutere dødshusa og få ein god analyse og eit bilde av dødshusa.

Eit element som kan komme ut av ein topografisk undersøking er å konstruere ein arkeologisk struktur for dødshusa. Ein arkeologisk struktur hjelper til å vise mot kvar i landskapet kulturminner sannsynlegvis vil ligge og i kva kontekstar ein kan vente å finne forskjellige kulturminne. Eit døme på arkeologisk struktur er naust som har låge med tidlegare strandsoner og ikkje alt for langt unna andre konstruksjonar frå same brukstid (Gansum et al. 1997:18-22).

4,3: Material omfang

Det har ikkje vert lett å finne materiale til noko som ”ikkje finst” i litteraturen eller databasar. Det eg har gjort for å finne fram til dette materialet var å søke i Museums gjenstandsdatabasen for Arkeologisk museum i Stavanger, Bergen Museum, Kulturhistorisk museum og Vitenskapsmuseet. Her har Unimus som er ein felles database for universitetsmusea vert til stor nytte (Unimus.no). I denne databasen så har det ikkje vert mogleg å søke etter dødshus, men eg har gått igjennom desse søkeorda: kammergrav, grav, gravkonstruksjon, tre, trekonstruksjon, gravkammer, gravfunn og gravhaug. Resultata frå desse søka var rundt 200000 treff, der nokon av dei var til same museumsnummer. Det er også variabelt om desse søkeorda faktisk har fått alle treff som dei skulle sidan dette er eit vanleg problem i slike søkemotorar. Med alle desse treffa brukte eg rundt 2 månadar på å gå innom alle desse og finne fram til potensielle dødshus. Det er sannsynleg at eg ikkje har fått med alle dødshus, som gjere at det truleg er fleire dødshus vil bli lokalisert i Noreg.

Ut av dette søket har eg funnet nokon potensielle treff som har gått igjennom rapportane til desse utgravingane. Ved denne gjennomgangen har eg lokalisert og lest 94 rapportar frå AmS, 19 rapportar frå BM, 20 rapportar frå KHM og ingen frå VM.

For full oversikt over rapportar til denne oppgåva sjå appendiks III, her er lista opp dei rapportar eg har lest og dei rapportar som ikkje var mogleg å finne i arkiva då eg var der. Museumsnummera som er lista opp i appendiksane er dei museumsnummer eg har nytta i Unimus-databasen eller arkiv identifikasjonen/dokumentnummer for Bergen Museum.

4,4: Individuell status & tydnad

Til denne oppgåva kommer eg til å nytte meg av omgrep slik som individuell status og tydnad, det kan då være greitt med ei forklaring til desse omgrepa.

Individuell status er i denne samanheng kva posisjon den døde hadde i samfunnet, dette vil bli forklart gjennom dei forskjellige teoriane som bli presentert seinare. Statusen til den døde kan være med å gje forklaringar til dødshuset. Statusen baserar eg rundt handlinga av liket og gravgjemmets konstruksjon, men også gravgods er viktig for å tolke status (Parker Pearson 1999:94, Ringstedt 1997:11-13). Grunnen for dette er at eg ser det som logisk at personar som var respektert og æra i samfunnet fekk ein god behandling i døden. Sjølv om at desse kunne gå at som vonde gjenferd, var ikkje noko grunn for at det ikkje var viktig å ære desse respekterte personane. Dette er ein hypotese eg har fått etter å ha lest forskjellige saga materiale og korleis dei har æra dei døde, og korleis dei såg på heile systemet med ære. Det er tydleg i Ynglingesaga vers 8 at store folk skulle bli hauglagt i ein stor haug slik at ettermæle kunne bli hugsa lenge etter deira død (Sturluson 1979b:9). Ein kan då tolke min forståing av status som den respekten/æra ein person hadde blant andre folk i sin samtid og etter tid.

Tydnad er kanskje endå meir abstrakt ein individuell status i den samanhengen som eg ser etter i denne oppgåva. Det som blir lagt i omgrepet er kva rituell og religiøs tydnad dødshuset kan ha hatt. Det vil også være eit mål å sjå om dødshuset har hatt eit formål å sikre mot vonde gjenferd.

4,6: Samandrag

Alle desse teoretiske vinklingane om gravgodset ser eg som eit viktig ledd i tolkinga om kvifor dødshusa vart konstruert. Dei kan belyse om dødshuset vart konstruert på status relatert på grunnlag i form av makt eller rikdom. Gravgodset kan også vise om det var ein spesiell mening til konstruksjonen av dødshuset. Dette er gjennom teoriane om ein persons dødsårsak og då kvar den døde var tenkt å hamne i etterlivet. Dette etter livet kan ha vert i ein av gudehalane, i sjølve grava eller begge delar. Gravgodset, morfologien og topografien ved grava er då eit godt utgangspunkt mot å forklare kvifor dødshuset vart konstruert.

Kapittel 5. Dødshus materialet frå Sør-Noreg

I dette kapittelet vil eg gje ein gjennomgang av alle dødshusa eg jobbar med i denne oppgåva. Materialet går eg igjennom på ein geografisk måte og startar med det nordlegaste fylket og huset, og jobbe meg mot sør og aust langs fylka dødshusa er funnet. Materialet til denne oppgåva har eg funnet med å gå igjennom funndatabasen til NTNU, UIB, AmS og KHM (Unimus.no). Gjennom denne databasen har eg funnet fram til potensielt materiale til oppgåva og har gått igjennom rapportane som var i arkiva for å få ein betre skildring av gravene. Oppslagsverk slik som Per Fett sin serie førhistoriske minne (1950-1977) og Haakon Shetelig sin bok vestlandske graver frå jernalderen (1912) har vert gode kjelder for å finne materiale. Det har vert som hensikt å skildre dødshusa med korrekte mål så godt som mogleg. Men på grunn av varierende kvalitet på dokumentasjonen av desse dødshusa så vart det varierende kvalitet på min vidare formidling av materialet. Alle funn frå gravene vil bli lista opp i appendiksar, men dei som eg vil nytta til vidare diskusjon vil eg skildre i dette kapittelet. Då har eg ikkje med dei funn som ikkje kan relaterast som gravgods, men der er eventuelle forklaringar til funn. Det gravgodset som blir nemnt i denne teksten vil bli lista opp systematisk etter dei kategoriane eg brukar i diskusjonen. Topografien og synsfelt analysane til gravene vil også bli sett på i slutten av kvar av avsnitta til gravene.

5,1: Sogn og Fjordane

5,1,1: Nordfjordeid i Eid Kommune.

Skjoratippen er ein gravhaug med 5-6 graver. Skjoratippen vart undersøkt av Shetelig i 1902-03 sesongane, og er 32m i diameter og 3,80m høg. Haugen var konstruert av jord og grus (Nordgård 2006:42, Shetelig 1905:5). Her fant han fem graver, der ei vart tolka som dobbelgrav (Shetelig 1905:7 & 20). Seinare har denne dobbelgrava blitt tolka som to forskjellige graver (Nordgård 2006:43-44). Eg nyttar meg av Shetelig sitt nummererings system sidan det er hans arbeid eg brukar mest til desse gravene.

I Skjoratippen er det to graver som eg tolkar til å kunne være dødshus, grav II og grav III. Denne gravhaugen vart nesten total greven, men det var ingen metode som vart nytta til denne gravinga sidan det var lokal arbeidskraft utan tilsyn som fjerna mesteparten av haugen slik at det stod ein skalk igjen i Nord- og vestkanten av grava (Nordgård 2006:43).


Grav II

Grav II er datert til 600talet og er ei jordfeste grav og er truleg ei barnegrav. Shetelig nytta sverda i grava til å typologisk datere den til 7-8-århundre som er slutten av merovingartid (då Shetelig skreiv var ikkje merovingartid separert frå folkevandringstid) (Shetelig 1912:165) Ser vi på typologien til skjoldbule så kan grava bli datert til byrjinga av 600-talet (Gjessing 1934:119) Grava var 1,3m aust-vest orientert og 1,5m nord sør orientert, den var 40cm djup bortsett frå i søraustleg hjørne der var den bare 20cm djup. Huset var litt over 1m X 0,90m (Shetelig 1912:168).


Husets høgde er ikkje mogleg å dokumentere sidan det har rast saman. Men ser ein på møneåsen var den 10-15cm tjukk (Shetelig 1905:17). Nyttar vi Unni Grøtberg sin teori, så kan det tolkast at skjoldet i Grav II som sto lent opp mot gavlen har vert ei dør (Grøtberg 2007:75), som har gått opp til taksperrene og dette skjoldet har vert ca ¼ mindre ein vanlege skjold som var på ein meter og har då vert ca 75cm (sjå apendix I gravI). Huset har ein møneås som var 10-15cm i diameter utan nokon synlege markeringar. Dette kan være i samanheng med ein takkonstruksjonstype der møneåsen kvilar opp på taksperrene og vekta helder take oppe (Myhre et al. 1982:179, fig 18).

Etter samtalar med snekker Eirik Lanes lærte eg at vinkelen på taket på eit konstruksjon av denne storleika vil auke høgda på take med 1cm pr grad. Med breidda på møneåsen i denne typen takkonstruksjon har taket hatt ein vinkel på 45grader og har då vert 45cm høgt. Dødshuset har etter dette estimatet hatt ei høgde på 125-130cm (pers kom Eirik Lanes:19/03/2013). Veggane i dødshuset har vert konstruert av plankar og taket har vert tverrgåande plankar som kan ha blitt festa med lister. Listene har hatt plan underside, avrunda overside og var 10cm breie (Shetelig 1905:17). Sidan nedgravinga har vert større ein huset, kan ein konkludere med at det også har hatt stolpar eller andre struktur-styrkande element som har gjort at det har stått på eigenhand (Fig 5,1 & 5,2). Gravgodset i denne grava visar til at dette er ei barnegrav sidan alle våpen er i den storleiken at det ville passe til barne hender. Alt av gravgods i denne grava er detaljert lista opp i apendiks I grav I

- Våpen: eit einegga sverd, fire bladforma pilspissar og ein skjoldbule
- Importgjenstandar: skjoldbule er tolka som ein Göggingen-type som vart produsert i Göggingen i Flandern.
- Reiskapar: ein hammar og ei sigd



Figur 5,1 Dødshus Grav II Skjoratippen oversikts teikning



Figur 5,2 Dødshus Grav II Skjoratippen profil teikning

Grav III


Grav III vart av Shetelig datert typologisk ut i frå sverd og skjoldbulen til å være frå seinfolkevandringstid, altså merovingar tid i dag (Shetelig 1912:107). Gutorm Gjessing daterar skjoldbulen til å være frå slutten av 600-talet (Gjessing 1934:121). Denne grava har stått på flat mark og er identifisert med 5 store stolpehol og mellom dei eit litt mindre brannflak med gravgods. Brannflaket hadde lengde på 1,60m og bredde på 1m og djupne på 0,25m. Der var fire firkanta stolpehol rundt. Dei rektangulære stolpehola var 0,30 og 0,40cm i tverrmål og 0,32 og 0,50m djupe og 75cm frå kvarandre. I desse stolpehola var der skoningstein og restar etter ubrent treverk. Det runde stolpeholet var litt mindre og bare 0,28m djupt (Fig 5,3). I desse stolpehola vart det funnet skoningsstein, treverk med fiber i loddrett posisjon og fin strand-

sand som må ha blitt henta frå ei nærliggande strand. Våpen og reiskapar var i denne grava varma opp og benda, truleg då som ei rituell øydeleging og lagt som eit lokk over nokon av dei brente beina (Shetelig 1905:24-32). Gravgodset i denne grava har blitt øydelagt noko som gjer det interessant for diskusjonen, men det er også andre gjenstandar av interesse:

- Våpen: eit einegga sverd, eit spyd, ei øks, ein skjoldbule og ein spiss til pil eller kastespyd.
- Importgjenstand: skjoldbulen er av Galgenberg-typen som truleg kjem i frå sør Tyskland.
- Reiskapar: ein celt, ein hammar, eit bor, ein kniv, eit høveljern, ei syl, eit plogjern, ein ljå, ei sigd, eit skrin og ein nøkkel.
- Rituelle gjenstanda: sverdet, skjoldet, boret og ljåen var alle rituelt øydelagt der var også ein fingerring av jern som har blitt tolka til å være noko rituell.

Det resterande av gravgods i denne grava har eg lista opp i appendiks I grav II.

Når ein ser på landskapet rundt gravhaugen til desse to gravene, så står den med ”ryggen” og sidene til nokre vollar men med klar utsikt til fjorden så denne har då truleg vert orientert til fjorden. Ser ein på synsfelt analysen så er det utsikt til fjelltoppane i dalen som er 6,9km brei i mellom toppane. Dalbotn er 1,4km brei og fjelltoppane er mellom 720 og 1100m høge så blir sidene og bakkant er ganske skjerma, medan utsikta ut fjorden er ca 25km (Magnussen 2010:6)(sjå appendiks II, Nordfjordeid). Etter Gansums skisse blir denne plasseringa ein klar ryggen til veggen tolking på denne gravhaugen med god utsikt til ferdselsårar inn til garden med ein offentleg sfære mot fjorden og skips leia inn og ut av Nordfjorden (Gansum et al. 1997:14-15)



Figur 5,3 Dødshus Grav 3 i Skjoratippen oversikts teikning

5,1,2: Bygstad i Gaular Kommune.

Tussehågjen er ein gravhaug som i dag ligger på innmarka til bruk nr 2 og vart utgreven i 1909 av Shetelig (Fett 1957:9). Ut i frå materialet, tydar det at grava er i frå vikingtid (Unimus.no B6365). Utgravingsmetoden vart ikkje nemnt av Shetelig, men ut i frå bilde var grava utgreven medan steinveggane vart ståande, haugen vart etter på rekonstruert til sin heilskap. Tussehågjen er ein rundhaug som er 20 m i diameter og 5,8m høg, men bare 2m er kunstig oppbygd, i botnen var det fin grus og leire medan oppbygginga bestod av jord og svært lite stein (Shetelig 1912:211).

Dødshuset (fig5,4) var konstruert med ein yttervegg av stein og ein indrevegg av tømmer. Steinveggen var 4x5meter i ytremål. Steinveggen har ein indre høgde på 1-1,40m og ei ytre høgde opptil 1.75m. Langsidene på dødshuset var nordaust-sørvest vendt med ein 80cm brei dørøpning i kortveggen nær søraustleg hjørne (Shetelig 1912:211).


Den indre treveggen skapar eit rom på 2,90x2,30m. Høgda på treveggen er ikkje mogleg å bekrefte, men den har truleg hatt same høgde som steinveggen men kan ha vært høgare. Botnen på rommet har vert planert ut og eit tregolv har blitt konstruert. Taket var konstruert av heile tømmerstokkar med barken på men det er ingen spor etter stolpehol under golvet. Sidan det er nokon heller under golvet kan ha vert fundament for stolpar som kan ha vert ein variant av stavkonstruksjon (Myhre et al. 1982:34-35) Veggane har vert konstruert av liggande furustokkar og golvet har kvilt på to rekker med steinar som har loge på bar bakke. Korleis tak og vegg har vert konstruert er det lite spor av sidan dette no er trykt heilt i saman. Sidan gravgodset ligger i mellom tak, vegg og golv så er det tydeleg at der har vert ein romleg konstruksjon. I treverket er der nokre jernspikar, og taket og veggane ser ut til å ha blitt tetta med grå grushaldig leire. Sidan treveggane har rast saman vart det ikkje påvist nokon dørøpning i treveggen, men eg ser det som sannsynleg at der har vert ein form for dør i treveggen slik som i steinveggen (Shetelig 1912:212-216). Av gravgoods var alt lokalisert i nordaustleg vegg og nord-hjørnet av rommet, med unntak av eit bronseblikkbelagt firkanta jernbeslag som låg ved motsatt vegg. I den nordaustlege langveggen så vart det også funnet ein jern-celt i mellom stein og treveggen og ein eldstad vart funnen i det utplanerte laget i det søraustlege hjørnet. Gravgodset som vart funnet i denne grava som er av interesse for diskusjonen er:

- Våpen: ni bladforma pilspissar og tre like skjoldbular desse har ein bolleform med randkant.
- Reiskapar: ein celt, ein stor og ein liten kniv, eit bor, eit vektlodd i bly med bronse beslag ei skålvekt, eit skrin og ein nøkkel.

Shetelig tolkar mangelen på andre våpen som at grava har blitt plyndra og dei meir verdifulle våpen vart stolne (Shetelig 1912:216-217). For fullstendig oversikt over gravgodset sjå appendiks I grav III

Det er god utsikt frå Tussehågjen til fjella i sør men på grunn av at haugen ligger på ei flate som er i eit lite søkk i terrenget, er det ikkje sikt til fjorden. Med at dalen er ganske smal, 7km frå topp til topp og 1,3km frå botn til botn og fjella er mellom 300-1200m høge, vert utsikta innskrenka. Med at Tussehågjen ligger aleine på ei flate er den ganske tydleg i frå fjellet (jmf appendiks II Bygland). Denne plasseringa er i følge Gansum isolert med ein orientering mot fjellet som ein delvis privat sfære (Gansum et al. 1997:14-15).

Tussehaugen, Bygstad.



Figur 5,4 Dødshuset i Tussehågen oversikt og profil teikning

5,2:Hordaland

5,2,1: Sørheim i Etne Kommune.

Under ei flateavdekking på garden Sørheim GNR 36 BNR 12 i 1969 av Søsja Magnus vart det lokalisert ei flatmarksgrav. Denne grava er datert til yngre jernalder (Myrhe 1976:17) Det vart då funnet ei steinsetting på 2,2m som vart tolka til å være botnen av ein gravhaug. Men etter kvart som det vart reinska i plan kom det fram ei flatmarksgrav. Sjølvve grava var 1,80m lang og 0,75m brei forma var ujamn oval og var 8-10cm djup, nedsenkinga i bakken var fylt med brun jord det var i denne fyllmassen at gravgodset vart funnet. Seinare i utgravinga vart det funnet fire stolpehol som stod nokre cm unna kvart hjørne av grava. Desse stolpehola danna ein firkant som var 2,4x2,0m det var mellom to av stolpehola vart det lokalisert ein steinsetting. Stolpehola var mellom 30 og 40cm i tverrmål og like djup (Fig 5,5).

Det er to kategoriar av gravgods som er av interesse for diskusjonen, men alt gravgods er lista i appendiks I grav IV.

- Våpen: eit sverd og ein spydspiss.
- Reiskapar: ein sigd og ein nøkkel.

Dødshuset har stått på eit tidlegare nes og har ein god utsikt over store delar av dalen og innløpet til Etnefjorden. Dette huset har hatt eit rundskue som gjer at det har vert eit markant fikspunkt i dalen. Der er ein liten hindring i aust som hemmar utsikta men det er framleis utsyn til fjella i aust. Ferdelsårane er godt synlege frå denne posisjonen og er dermed eit synleg objekt for tilreisande. Følgjar vi Gamsuns teori så vil dette dødshuset ha vert orientert mot ein offentlig sfære sjå appendiks II Sørheim (Gansum et al. 1997:14-15).



Figur 5,5 Dødshuset på Sørheim oversiktsfoto

5,3: Rogaland

5,3,1: Revheim i Stavanger Kommune.

Ei flatmarks grav vart funnet under flateavdekking i 2004. Her vart det funnet åtte graver (Bertheussen 2008:63-115). Grav 202 kan tolkast til eit dødshus denne grava har fire stolpehol og spiker vart funnet i heile grava i eit slik mønster at det ikkje kan ha hørt til ei kiste. Grava var 15-19cm djup og det vart funnet store steinar i heile fyllmassen. I kvart hjørne var der nokon sirkulære flekkar som var mellom 26 og 34cm med ei djupna mellom 4 og 7cm, desse flekkane vart tolka som stolpehol (Fig 5,6). Det var 91cm mellom senter av stolpehola i den nord-austlege kortveggen og 88cm mellom senter av stolpehola i sør-vestlege kortvegg. Mellom senter av stolpehola i nord-vestlege langvegg var det 135cm og mellom senter i sør-austleg langvegg var det 152cm heile anlegget var 1,97 X 1,41m (Bertheussen 2008:95-97). Morten Bertheussen tolka ut i frå distribusjonen av tekstilar og spikar at grava har vert plyndra nokon år etter konstruksjonen om det var ein slik plyndring/omroting så kan det forklare kvifor Bertheussen ikkje fant nokon klar avgrensing i fargenyansen (Bertheussen 2008:97-98). Ut i frå forma på grava og den fasettslipte karneolperla så er grava datert til vikingtid (Bertheussen 2008:103-104).

Det gravgodset som er av interesse for diskusjonen er:

- Importgjenstand: ei perle av karneol som har komet frå Kaukasus eller India.
- Reiskapar: ein tein, eit skrin og ein nøkkel

Alt av gravgoods er lista opp i appendiks I grav V.

Landskapet rundt dette dødshuset visar at det er orientert mot havet. Det er då ein ganske sikkert at huset her er plassert med ryggen til veggen og er orientert mot ein offentleg sfære (jmf appendiks II Revheim (Gansum et al. 1997:14-15).



Figur 5,6 Dødshuset på Revheim oversiktsfoto

5,3,2: Tjora i Sola Kommune.

Under utgravingar gjennomført i 2008 og 2009 vart det lokalisert eit anlegg (røys fem) med ei grav med stolpehol og steinveggar. Det er ein mogleg inngang i steinveggens austre vegg og det er ni stolpehol på utsida av steinmuren og fire stolpehol eit i kvart av hjørna i den indre grava (Fyllingen 2012:46-49). Steinrøysa var konstruert av oppmura steinar og danna ein firkant som var 5X4,6m utvendig, innvendig var det eit 2x2,5m stort rom der det var ei nedsenka grav som var 1,1X2,5m stort med eit stolpehol i kvart hjørne (Fig 5,7). Grava er datert med 14C prøvar som visar til to dateringar ein 820-920EVT og ein 810-890EVT. prøvene er tatt i frå kokegrop og plantemateriale frå stolpehol i røysa (Fyllingen 2012:47)

I denne grava vart det funnet gjenstandar frå yngre jernalder og ei yngre bronsealders urnegrav. Det er då omdiskutert om dateringane frå eine stolpeholet er forureina eller ikkje. Dette gjere at det er vanskeleg å dømme om stolpehola stammar frå yngre bronsealder eller jernalder, men det tydar på at det kan ha vert ein forstyrning av ei tidlegare grav og at stolpehola stammar frå yngre jernalder (Fyllingen 2012:47). Denne grava liknar på den i Tussehågjen (jmf kap 5,1,2. side 39-41). Det som er forskjellig er at her er det steinveggen som er den indre konstruksjonen og ein mogleg ytre konstruksjon av tre. Etter bildene før utgraving (Fyllingen 2012:48) (fig 5,7 & 5,8) ser det ikkje ut til at steinveggen har vert serleg høg, men det er mogleg at den ytre treveggen har vert det markante i denne grava.


I denne grava er det ein kategori av gravgods som er av interesse for diskusjonen, resten av gravgodset er lista opp i appendiks I grav VI.

➤ Reiskapar: ei sigd.

Plasseringa av dette huset er ganske underleg i følge synsfeltanalysen. Området rundt Tjora er relativt opent, men ut i frå synsfelt analysen og bilde i rapporten ser det ut til at dødshuset ligger med nokon lave haugar rundt seg og er plassert isolert med ”ryggen mot veggen” (Fyllingen 2012:48, Gansum et al. 1997:15). Det er også tydeleg at dette huset er orientert mot havet og kan etter Gansums teori tolkast for å være meint for både den offentlege og private sfæren. Det er i vertfall klart at dette huset var synleg frå havet jmf appendiks II Tjora.



Figur 5,7 Dødshus Tjora, Sola K. oversiktsfoto



Figur 5,8 Dødshus Tjora Oversiktsteikning med teiknforklaring

5,4: Vest-Agder

5,4,1: Sangesland i Vennesla Kommune.

Under utgravingar i 2006 på garden Sangesland GN49/BN26 der det vart lokalisert ei rekke strukturar. I denne samanhengen skal eg sjå på struktur109 (S109) som var ei grav datert til 770-980EVT med fire stolpehol (henholdsvis S105-S108). Dødshuset S109 (Fig 5,9) ligger på eit område som kan karakteriserast som gravfelt og langhusfelt. I dette feltet ligger det fleire graver og hus, og S109 ligger midt i hus nr 4 (Ystgaard 2006:0 & 16). Grava er oval med ei lengde på 250 cm og breidde på 100 cm og den var 60 cm djup. Stolpehola var alle runde. S105 var 70 cm lang, 50 cm brei og 40 cm djup. S106 var 52 cm i diameter og 34 cm djup. S107 var 55 cm i diameter og 28 cm djup. S108 er 48 cm diameter og er 21 cm djup (Ystgaard 2006:31). Alle desse stolpehola hadde skoningstein.

Det at stolpehola har skoningstein noko som hus 4 ikkje har og at ei fotgrøft ligger tett inntil hus 4 gjer at ein kan dra slutning om at dødshuset og hus 4 ikkje er samtidige og ikkje har vert synlege når den siste vart konstruert. Det var ikkje økonomi til å datere alt derfor er ikkje stolpehola datert (Ystgaard 2006:0, 17-18 & 54). Men hus 4 er datert med 14C og resultatata var at huset er frå 120-340 EVT medan grava er 770-980 EVT, med desse resultatata er det auka grunn for at dødshuset og hus 4 ikkje skal tolkast i samheng (Ystgaard 2006:9). Grava var bygd opp av dødshuset som stod rundt ei kiste som var 60 cm djup og har truleg hatt eit lokk av stein og gråbrun grusfyll som truleg har blitt henta frå området rundt, i dette fyllet vart det funnet ein bit brent bein og eit keramikkskår som truleg ikkje høyrer grava til, men tilfeldig komet inn i fyllmassen men elles var der ikkje funnet noko gravgods i denne grava. (Ystgaard 2006:16),

Landskapet i området er dominert av lave åsar og vatten, noko som gjer at dette dødshuset er ganske isolert plassert med at det ikkje er mykje utsikt ut i frå det. Dette gjere at dødshuset vil etter Gansum bli tolka som plassert i ein offentleg sfære (Gansum et al. 1997:15). Noko som også er spesielt med området, er at der ikkje er markert nokon stiar jmf appendiks II sangesland.



Figur 5,9 Dødshus Sangesland, Vennesla Skråfoto med snitta stolpehol

5,5: Aust-Agder

5,5,1: Langeid øvre, Bygland Kommune.

Arkeologiske utgravningar vart gjort her i 2011 under Rv9 Langeid/Krokå prosjektet der riksvegen skal forbetrast. Her vart det funnet eit større gravfelt med eit dødshus. Under denne sesongen vart det flateavdekt seks felt på tilsaman 5000m² (Loftsgarden og Wenn 2012:23). Til skildringa av dette materialet vil eg bruke dei same struktur-idnummera som vart nytta i utgravinga. Dateringane til dette gravfeltet og denne grava er førebels usikker, men det er tatt C14 prøver der resultatata ikkje klare enda. Ut i frå våpentypologi kan det gis ei datering frå seint 900 tal til tidleg 1000talet. (Loftsgarden og Wenn 2012:28 & 30, Wenn 2012:1).

Dette dødshuset (Fig 5,10) er ei flatmarksgrav og har ei lengde på 2,37m, bredde på 1,20m og ei djupne på 0,62 (Wenn 2012:1). Nedsenkinga går ikkje heilt ut til stolpehola, der har truleg vert ei trekiste i nedsenkinga som no er oppsmuldra. Noko av gravgodset har blitt plassert utanfor kista. Grava har eit stolpehol i ytterkant av kvart hjørne som er svært kraftige i forhold til storleiken på grava. Stolpehol S65 er i nordvest og har lengde 80cm, bredde 73cm og var 52cm djupt. Stolpeholet var ovalt i plan med ujamne loddrette sider og flat botn med mogleg solid skoning i vest enden. Stolpehol S46 er i nordaust og har lengde 71cm, bredde 68cm og


djup 46cm. Stolpeholet var ovalt i plan med rette sider og flat botn med tydleg skoning. Stolpehol S66 er i sørvest og er 92cm langt, 78cm breitt og 64cm djupt. Stolpeholet var ovalt i plan og rette til ujamne sider og avrunda botn med mogleg skoningsstein i fyllmassen. Stolpehol S67 er i søraust og har lengde 74cm, bredde 64cm, djupna 50cm. Stolpeholet var oval i plan har rette sider og flat til avrunda botn med tydleg skoning og stolpe avtrykk. Heile konstruksjonen har eit ytre mål på 3,3x2,4m (Wenn 2012)

Gravgods er det bare ein av mine kategoriar til stades:

- Våpen: ei øks og eit sverd.

Desse låg utanfor kista, og med nokon spor av andre gjenstandar i kista (Loftsgarden og Wenn 2012:26-27). Sidan der er verdifulle gjenstandar utanfor kista og ikkje inne i kista, så kan då sjå ut som at kista har blitt plyndra ei tid etter at den vart konstruert, medan gjenstandane utanfor kista ikkje vart funnet (Wenn 2012:1). Då gravfeltet ligger på dyrka mark er der moglegheiter for at seinare dyrking kan ha fjerna eller øydelagt anna gravgods og strukturspor til sjølve dødshuset (Loftsgarden og Wenn 2012:23-25). For fullstendig oversikt over gravgodset sjå appendiks I grav VII.

Landskapet som opnar seg når du kjem opp elva, eller kjem over fjellet og dalsvingen, har truleg gravfeltet vert ganske dominerande område i landskapet med sine gravhaugar og dødshuset. Elva er stri og fjella er vanskelege å trasere, så det meste av ferdselen har gått langs landeveien gjennom Setesdalen. Dette huset har ikkje særleg stor utsikt med at dalsvingen er bare 4km lang og 700m brei og fjella er mellom 640 og 850m høge i dette området jmf appendiks II Langeid. Ein kan tolke dette til at gravfeltet har vore orientert til nærmiljøet og er synsmessig ganske isolert i denne delen av dalen. Dette tydar at samfunnet som konstruerte heile gravfeltet og dødshuset truleg har ville markere sin sosiale status til dei som ferdast inn i området. Gansum sin skisse vil sette lokaliseringa av dødshuset til å ha vert for ein privat sfære (Gansum et al. 1997:14-15)



Figur 5,10 Dødshus Langeid oversiktsteikning med teiknforklaring

5,5,2: Senum i Evje og Hornnes Kommune.

Mai 1970 vart det gjort ei nødutgraving etter at dei under arbeid med å sette opp ei ny høgspenmast hadde funnet nokon gjenstandar. Det vart lokalisert to sikre flatmarksgraver og ei tredje mogleg flatmarksgrav under den siste gravedagen (Fig 5,11). Gravene med våpen er typologisk datert til 900-1000talet (Løken 1970:1, Løken 1971:17-21). Til dette materialet nyttar eg meg av same nummerering som Løken nytta i utgravingsrapporten. Det er mangelfull informasjon i teksten der det blir nemnt at stolpehola var 15-30cm. Av den grunn nyttar eg planteikningar frå utgraving for å måle storleiken på gravene der det er mogleg.

Grav I

Grav I er typologisk datert til 900-1000talet(Løken 1971:21). Grava var delvis øydelagt av høgspenmastene, men den hadde lengde 2,04m, bredde 1m, djupne 0,25-0,7m. Det vart lokalisert to sirkulære stolpehol med fyllmasse av brun jord der begge sto på austsida av grava.

Søraustleg stolpehol hadde lengde 20cm og breidde 15cm og stolpeholet gjekk 5cm djupare ein grava. Stolpeholet i nordaust hadde lengde 42cm breidde 42cm dette stolpeholet gjekk også 5cm djupare ein grava. Grav I hadde i sør enden ein ikkje alt for tett steinpakning og dødshuset hadde loddrette vegger, det vart også funnet nokon jernnaglar. Fyllmassen inne i dødshuset var brunjordfyll blanda med trekol (Løken 1970:4). Av gravgods i denne grava er det våpen og reiskapar som er interessante for diskusjonen men alt gravgods er lista opp i appendiks I grav VIII

- Våpen: ei øks, nokre pilspissar, eit sverd og ei skjoldbule som har stått lent opp til ein vegg.
- Reiskapar: ei sigd.


Grav II

Grav II er typologisk datert til 1000-talet (Løken 1971:21). Dette var det einaste intakte dødshuset som vart avdekka. Det var 2m langt og var 1,14m breitt og djup 0,55-1m. I dette dødshuset vart det lokalisert stolpehol i alle hjørna. I nordvest hadde stolpeholet lengde 24cm breidde 26cm djup ca5cm. Nord-austleg stolpehol hadde lengde 22cm breidde 20cm djup litt under 5cm, men dette var det einaste stolpeholet med skoningstein. Sør-vestleg stolpehol var 24cm langt, 28cm breitt og ca5cm djupt. Sør-austleg stolpehol var 22cm langt, 24cm breitt og 42cm djupt og var tilspissa i botnen (i rapporten og artikkelen frå utgravinga står det bare at alle stolpehol var 15-30cm diameter og 5-10 cm djupe med unntak av eit)(Løken 1971:17). Dette dødshuset har same konstruksjons form og fyll masse som dødshuset i Grav I. i denne grava er det to gravgods kategoriar som er av interesse for diskusjonen. Alt anna gravgods er lista i appendiks IX.

- Våpen: eit spyd og to økser.
- Reiskapar: ein kniv, eit borr og eit bissel.

Grav III

Grav III er bare lokalisert med eit stolpehol som var 20cm langt, 20cm breitt og 50cm djupt og tilspissa i bunnen, veggane ser ut til å ha vert loddrette som dei to andre dødshusa. På grunn av tidspress vart ikkje grava totalgravd (Løken 1971:21). Det vart ikkje funnet noko gravgods i denne grava.



Figur 5,11 Dødsbus I, II & III Senum oversiktsteikning

Desse dødsbusa ligger på eit nes ut mot Byglandsfjorden og har god utsikt til heile dalstrøket rundt Evje. Framtoninga desse dødsbusa har hatt visar at folk som har reist inn gjennom Byglandsfjorden har kunne sett desse strukturane på lang avstand. Dei er også tydelege frå store delar av fjellområdet, men ikkje fjelltraseane sjå appendiks II Senum. Dødsbusa er lokalisert utpå det Gansum tydar som kanten med at dei er synlege i alle retningar med det ser framleis ut som at hovudfokuset er mot vatnet (Gansum et al. 1997:14-15).

5,6: Andre norske funn

Her vil eg presentere dei dødsbus som er utføre undersøkingsområdet mitt, som er avgrensa til Sør-Noreg og jernalderen. Dei dødsbus som er ufagleg utgravne vil krevje meir arbeid å gå igjennom for å tolke. Dette har gjort det slik at eg i løpet av masteroppgåva mi ikkje har hatt tid til å undersøke desse. Det er også nokon bus som har nokon anomaliar som eg gjerne skulle ha gått djupare inn på, men igjen har tida vert ein faktor for at dette ikkje vart gjort. Slik som eg gjorde det tidlegare i dette materialkapittelet så vil busa bli presentert geografisk frå nord til sør.

5,6,1: Ekren i Hadsel kommune, Nordland.

August 2012 var eg med på utgraving av eit jordbruksområde i Vesterålen. Under dette prosjektet vart det lokalisert rundt 120 kokegroper, ein del branngraver, ein mogleg omn, to langhus og ei mengd med stolpehol frå diverse strukturar. Det vart også funnet ei fotgrøft som var rundt fire massive stolpehol. Desse stolpehola var del av ein kraftig ståande konstruksjon og dei danna ein liten firkant (jmf fig 5,12). Alle stolpehola var avrunda mot enden og hadde skoningstein i fyll massen. Denne konstruksjonen er av tilsvarende karakter som dei hus eg har lokalisert på Nordfjordeid grav III, Sørheim, Revheim, Sangesland, Byggland og Senum (Bertheussen 2008, Løken 1971:18, Myrhe 1976:17, Shetelig 1905:25, Wenn 2012:5, Ystgaard 2006:17).


Under utgraving av dette huset så vart det ikkje gjort nokon funn, dette kommer truleg av at det var lite funn på heile feltet og det kan virke som at alle strukturar var kraftig skadd av jordbruket som hadde vert på staden heilt opp til det 20århundre. Under utgravinga så fekk eg lov til å undersøke litt nærmare dette moglege dødshuset. Så eg tok meg tid til å sjå etter fiberspor i stolpeholet og eg prøvde å grave ei sjakt gjennom konstruksjonen, men dette var resultatlaust. Dette styrka tanke på at sjølve huset har blitt pløgd vekk og derfor var bare siste delen av stolpehola som vart funnet. Der har også blitt konstruert ei grøft i nyare tid rett igjennom fotgrøfta og dødshuset. Fotgrøfta fekk oss til å tru at der har vert ein gravhaug over dette huset. Dateringane frå denne utgravinga har vist at fotgrøfta som var datert frå eit stolpehol som var funnet i fotgrøfta er datert 350-50BC (Beta-340629). Ei kokegrop som var over ringen/skjærer ringen i den nordlige del vart datert 240-390AD (Beta-340627). Trekull frå to av dei kraftige stolpehullene inne i ringen ble datert til 240-390AD (Beta-340634) og 254-414AD (Beta-340637). Alle desse dateringane er oppgjett med to standardavvik. Dette visar at fotgrøfta ikkje har hatt noko med huset å gjere med mindre den framleis var synleg under konstruksjonen av dødshuset (perskom Anja R. Niemi 22/03/13). Men det kan tyde mot at det var vanleg med rituelt måltid ved dødshusgravskikken. Dette styrkar tolkinga rundt rituelt måltid ved branngravdødshuset på Nordfjordeid og at dei dyrebein funnet i den grava er restar etter eit rituelt måltid og ikkje dyreoffer.



Figur 5,12 Dødshuset på Ekren i Hadsel kommune foto Anja R. Niemi (stolpehol markert med stipla linje) fotgrøft og dreneringsgrop er fylt med grå grus/grovsand)

5,6,2: Breng ved Loen vatnet i Stryn Kommune, Sogn og Fjordane.

I 1933 fant to veiarbeidarar nokon oldtidsfunn i ein gravhaug, desse funna vart så fortalt til Ingemund Fænn som var redaktør i Fjordingen. Det var han som teikna ned utsjånaden til gravhaugens indre og innrapporterte og sendte inn dette funnet. På denne teikninga (Fig 5,13) er det skildra noko som kan likne dei dødshusa som er funnet på Ekren, Nordfjordeid grav III, Sørheim, Revheim, Sangesland, Byggland og Senum (Bertheussen 2008, Løken 1971:18, Myrhe 1976:17, Niemi 2013, Shetelig 1905:25, Wenn 2012:5, Ystgaard 2006:17). Ut i frå skildringane så kan det virke som at den har ein steinsetting rundt seg slik som Sørheimhuset, det kan også ha vert ein branngrav som Grav III på Nordfjordeid, bare at det i dette tilfellet så har heile huset blitt brent. Sjølve gravhaugen har vert 8m i diameter og det kan sjå ut til at den har vert kantsett med stein (Fænn 1933). Sidan det manglar skikkelig dokumentasjon og datering så var det ikkje mogleg for meg å gå djupare inn i dette funnet.



Figur 5,13 Mogleg Dødshus på Breng i Stryn Kommune (huset er markert med stipla linje)

5,6,3: Espeland i Sandnes Kommune, Rogaland.

Her vart det gjort funn av ei urnegrav frå folkevandringstid som er datert til byrjinga av 400talet. Denne utgravinga vart utført som ei flateavdekking leda av Odd Espedal i sesongane 1965-67. Her er det påvist det som kan minne om et dødshus. Dette dødshuset har fyrst vart nytta som bustadhus men forlatt i byrjinga av 400-talet då grava vart konstruert. I nordaustveggen av huset vart det konstruert eit lite kammer som det vart plassert ei urnegrav i, for så at haugen vart konstruert over grava og delar av huset (jmf fig 5,14). huset har ein indre lengde på 18,8m og ei utvendig breidde på 8m, veggane var 1,2-1,3m breie og 0,5-1,25m høge. På innsida av steinveggane er der veggrenner som kan ha vert fundament for ein indre trevegg. Inne i huset er der to stolperækker som har stått 1m frå veggane. Grava er ei urnegrav som har blitt plassert i eit lite kammer og husets nordaustlege vegg er nytta som vegg for kammeret og husets nordlige del ligger under gravhaugen. huset ligger i dag på innmarka til garden Espeland. Frå sør aust til nordaust strekker Espelandstjønna seg og i sør er der ein morenerygg kvar det er lokalisert fleire graver (Espedal 1967a:59-61, Espedal 1967b:85-88, Myhre et al. 1982:101-103). Dette "dødshuset" har eg ikkje tatt med sidan grava som er koplå til den er plassert utan for veggan og huset, spørsmål kan stillast om det var meininga å plassere denne grava og huset i lag eller om det var tilfeldigheit som har gjort at det vart slik.



Figur 5,14 Mogleg dødshus på Espeland i Sandnes Kommune

Kap 5,7 Samandrag

Dødshusa i Noreg er det bare 12 sikre og to usikre funn frå jernalderen, der alle er lokalisert ved vatn og bare fem ikkje er i kyststrøk. Dei er spreidd langs kystfylka frå Nordland til Aust-Agder. Dateringane på desse husa er i frå folkevandringstid til slutten av vikingtid. Om dette er ein gravtype som dukkar opp i folkevandringstid er uvist men ut i frå materialet i denne oppgåva så er det ein klar auke i merovingartid og vikingtid. Dette materialet visar også at det etter ein gjennomgang av materialet i Sør-Noreg har blitt identifisert seks ny sikre dødshus og heile materialet for Noreg er då sju sikre og to usikre dødshus i frå jernalderen.

Gravgodset i desse gravene er varierende og er i likskap med andre gravtypar i Noreg. Det er både våpen og bruksreiskapar i gravene, importgjenstandar er det mindre av men det som er her er av høg forskings verdi. Det er også spor av at det har vert gravlagt personar i alle aldrar i desse gravene, men det har ikkje vert mogleg å vise til kjønn sidan der ikkje er noko beinmateriale som kan gje noko svar på det spørsmålet.

Det er gjennom dette materialet tydeleg at dødshusa har vert konstruert i store delar av landet gjennom jernalderen. Gjennom mengda av dødshus i Noreg og gravgodsmaterialet kan tyde på at dette er ein gravtype som var forbeholdt eliten i samfunnet.

Kapittel 6. Diskusjon Kva er det gjere dødshusa spesielle

I dette kapitlet skal det fyrst bli diskutert kvifor dødshusa vart konstruert, og då vil eg gå igjennom teoriane rundt tolkingar om gravgods, morfologi og topografi. Der etter vil dødshusa bli diskutert i forhold til andre graver og kvifor dei ikkje kan settast i same kategori. Vidare i diskusjonen vil det bli diskutert om dødshusa har ein arkeologisk struktur og om det er ein importert gravskikk eller om den er lokal for Noreg og jernalderen. Til slutt vil det bli gjett ein grundig definisjon på dødshusgravskikken

6,1: Individuell status og tydnad: Kva er årsaka til dødshus

I kap 4 vart dei forskjellige moglege indikatorar for individuell status og tydnad til dødshus presentert. Der tolkar eg individuell status etter status i ein hierarkisk eller ein yrkesstatus samanheng. Tydnad er ein felles nemning for religiøse, rituelle, overnaturlige og symbolske tolkingar. Denne delen av diskusjonen vil kvar av gravgods kategoriane, morfologi og topografi diskutert for å kunne sjå om det er ein status eller tydnads relatert årsak for konstruksjonen av dødshus. Dette vil være bakgrunnen for å kunne diskutere om det er nokon forskjell i status eller tydnad for konstruksjonen av dødshusa og i forhold til andre graver.

Det er vanleg å tolke statusen til individ i graver frå jernalderen ut frå gravgodset. Her har eg nemnt Number of Artifact types (NAT) analysar. Nyttar vi same analytiske reiskapen så får vi et variert bilde. Grav III på Nordfjordeid er ei rik grav med over 30 gjenstandar, medan Sangesland ikkje har noko gravgods (Shetelig 1905:24-32, Ystgaard 2006:16). Men det skal nemnast at der kan være mange årsaker for at der ikkje er gravgods i ei grav: den kan være overpløgd, ein kenotaf, plyndra og/eller av mange andre grunnar. Når dødshusmaterialet har ein variasjon mellom rike graver til funntomme graver blir det tydleg at ein ikkje kan nytte seg av NAT analysar for å tolke dødshus.

6,1,1: Våpen

Våpen er ein måte og sjå på statusen til den døde (Kaliff 1992:112), det er då vanleg å sjå på kva type våpen som er i grava. Her har Storli (2006) brukt omgrepet fullt våpensett som den høgaste statusmarkeringa i våpengraver medan Hoftun (2001) ser på historiske kjelder og

konkluderar med at germanske menn bar spyd og skjold som eit symbol på å være innlemma i samfunnet (Hoftun 2001:159, Storli 2006:85-86). Våpen er representert i 7 av 12 dødshus (jmf appendix I). Det visar at både personar som trengte og ikkje trengte våpen i etterlivet vart gravlagt på denne måten.

Graver med våpen indikerar at den døde har trengt desse i etterlivet. Den døde har då hatt bruk for å nytte desse våpna i etterlivet eller har trengt dei som eit symbol på sin status. Ser ein på dei forskjellige dødsrika i den norrøne trua er der Helheim der dei døde ikkje trenger våpen sidan dei ikkje skal kjempe i Ragnarok, men dei kan trenge dei til verden etter Ragnarok der dei skal hjelpe til med å skape ein ny verden. Nifelheim er den djupaste delen av dødsrika der dei døde skal hjelpe til med å kjempe i mot gudane i Ragnarok. Då fekk dei truleg ikkje våpen med til etterlivet slik at dei vart brukt i kampen mot gudane. Nånstrand der er ein hall som vil bli ståande etter Ragnarok, men i ein slik hall trenger ein kanskje ikkje å gje våpen til dei døde. Men dette var ein stad der ein skulle håne og straffe dei som hadde gjort nid, og då var det kanskje være eit ekstra hån og gje dei våpen som symbol på kva status dei hadde i livet og kva straff dei fekk i etterlivet, for sine nidhandlingar. Det blir også viktig å tenke på at i forteljingane om Ragnarok i Edda står det at Loke tar med seg dei som vandrar på Helveg. Betyr dette også dei som har fått sitt sete i Helheim eller nokon av dei andre åtte dødsrika som Hel styrar, eller bare dei som framleis vandrar til desse dødsrika? Dersom det er tilfellet at alle i Hel sitt domene skulle være med, burde dei ikkje få våpen nokon av dei. Det er også da interessant at Balder og Hod kjem att etter Ragnarok frå Helheim utan at dei er nemnt å være med i kampane (Hoftun 2001:111, Mortensson-Egnund et al. 2002:333- 341). Det visar til at dei i Helheim truleg ikkje var med i kampane under Ragnarok. Er det då noko samsvar mellom gravene med og utan våpen og morfologien og/eller topografien til dødshusa og gudehallane?

Våpen kan også ha hatt ein betyding for den døde og desse våpna var med i grava som eit symbol. Våpen i gravene kan ha vert symbol for kva den døde har vert assosiert med, og at den døde har vert forbundet med våpen og dette var viktig å vise i etterlivet. Det kan då være at våpen ikkje nødvendigvis var eit statussymbol men meir som eit reiskap for ein krigar, og at dette var viktig å symbolisere til gudane i etterlivet.

6,1,2: Importgjenstandar

Importgjenstandar vert nytta av Ringstad som kriterium på status i store gravminner. Kan dette være reflektert i dødshusskikken (Ringstad 1986:219)? Det er tre av 12 dødshus som har slike funn (jmf appendix I). Dette er då ein Galgenberg skjoldbule i grav III på Nordfjordeid, som er ei branngrav. Denne skjoldbulen er enten ein lokalprodusert variant eller importert. Grav II på Nordfjordeid er ei barnegrav med ein Göggingen skjoldbulen som etter storleiken å døme må ha blitt konstruert etter spesifikke mål for personen i grava (Evison 1963:52-59, Nordgård 2006:44). Det er også ei perle av karneol/kalcedon i dødshuset på Revheim. Desse er då nokre indikasjonar på personar som tilhøyrar kontaktnettverk og handelsnettverk over lange distansar har blitt lagt i dødshus (Bertheussen 2008:100-103).

Desse tre importgjenstandane er ikkje nok grunnlag til å sette denne gravskikken opp mot ei tolking om at det bare var høgstatuspersonar som har blitt gravlagt i dødshus. Med å legge ned desse gjenstandane kan det ha vert symbolisert at den døde og dei etterlatne framleis har ein posisjon i samfunnet som gjer at dei har råd til å legge desse gjenstandane i gravene. Det kan ha vert symbol til etterlivet om kva status den døde hadde (Dommasnes 1998:67). Det kan være ein samanheng mellom makt og importgjenstandar (Ringstad 1986:219), samstundes som at det då i same tolking kan være ein meining mellom makt og dødshus. Som nemnt er det bare tre dødshus med importgjenstandar. Når materialet er sparsamt blir det vanskeleg å vise til ein samanheng mellom importgjenstandar og skikken med å markere ein persons status og makt i dødshus materialet basert på importgjenstandane.

6,1,3: Reiskapar

Dei reiskapstypene som er i dødshusa kan gje ein forklaring på om det har vert spesifikke yrkesgrupper som har blitt lagt i dødshus. Om det er ein slik tendens kan det være ei form for sosialstatus gjennom at kun personar av ein yrkesgruppe som er lagt i dødshus.

I dødshusmaterialet er det åtte graver med reiskapar, og av desse er det sju forskjellige typar av reiskap. Jordbruksreiskapar i fem graver: Nordfjordeid Grav II og III, Sørheim, Tjora og Senum grav I. Trearbeidsreiskapar i fire graver: Nordfjordeid Grav II og III, Tussehågjen og Senum grav II. Tekstilreiskapar i ei kanskje to graver: Revheim, og kanskje Tjora. Kjørereiskapar i ei grav: Nordfjordeid grav III og handelsreiskapar i ei grav: Tussehågjen og rituelle-

reiskapar er det kanskje i ei grav: Nordfjordeid grav III. Huslege reiskapar er i fire graver: Nordfjordeid grav III, Tussehågjen, Sørheim og Revheim.

Ser ein på reiskapane samla er det klart at der ikkje er noko som tilsei at det har vert enkelte typar av reiskapar eller yrkesgrupper som har blitt gravlagt i dødshus. Det er ingen klar samheng mellom dei ”rike og fattige” gravene og reiskapar, eller mengda av reiskapar i dei forskjellige gravene, dermed kan det ikkje tolkast nokon samheng mellom individuell status og reiskapar i dødshusa.

Reiskapar er som alle andre gravgjenstandar, noko som den døde trengte i etterlivet. Men kvifor har det vert viktig å leggje med slike reiskapar. Har den døde trengt å drive jordbruk eller båtbygging i etterlivet? Det kan være at desse reiskapane har blitt lagt i grava for å symbolisere den dødes rolle og posisjon frå livet til etterlivet. Ei anna tolking er at desse gjenstandane har vert så nært knytt til den døde at desse også måtte komme i grava slik at det ikkje skulle være fare for gjengangarar (Dommasnes 1998:69).

6,1,4: Morfologi

Dødshusets konstruksjon kan være med på å gje indikasjonar på status eller tydnaden til grava. Ringstad, Gansum og Østigård har alle sett på korleis konstruksjonen av gravminnet kan indikere status. Her ser dei på storleiken og kor mykje innsats som har blitt lagt ned i konstruksjonen av grava (Gansum og Østigård 2004:72, Ringstad 1986:16-26). Det er då mogleg å sjå det same i konstruksjonen av dødshusa. Bradley har ein tolking om at langhaugar og rundhaugar i bronsealder kan ha symbolisert forskjell mellom huskonstruksjonar. Han tolkar då desse haugane som symbol for tidlegare slekter og at ein ikkje burde bu i deira hus. Dette er då frå før jernalderen, men Østigård visar til at tidlegare skikkar kan bli dratt fram seinare. Slik som han tolkar bruken av urner i vikingtid på Nordfjordeid som eigentleg er ein skikk frå folkevandringstids (Bradley 1998:36-49, Goldhahn og Østigård 2007:101). Med å sjå på desse teoriane så ser eg for meg nokon moglege scenario om at det faktisk var nokon ”forbilde” som var bakgrunnen for konstruksjonen av dødshusa då kan kanskje gudehallane være ein meir plausibel modell ein tidlegar bustadshus. Dette er ei hypotese som eg har fått frå forskjellige kjelder, og eg vil sjå om dei kan nyttast i samheng til dødshustolkingar (Grøtberg 2007:72-74, Gustafsson 1988:42-43, Kaliff 2006:138-141).

Dødshustypene i mitt materiale ser ut til å være av to forskjellige konstruksjonstypar. Det er variabelt om nokon av desse konstruksjonstypene kan nyttast som statusmarkørar.

Type 1 er dei dødshus som er kun lokalisert med kraftige stolpehol. Dette er den konstruksjonstypen som er mest tilstede i mitt materiale, men det har også minst konstruksjonsrestar att som vi kan tolke i forhold til status. Det har truleg vert treveggar mellom stolpane men stolpane i seg sjølv kan gje oss to moglege tolkingar av status. Den fyrste er at desse solide stolpane har vert høge og indikerar at desse dødshusa har vert høge og synlege. Den andre typen er at stolpane har vert låge men stolpane har vert rikt utskorne. Begge tolkingar peikar mot ein markering av status knytt til konstruksjons typen.

Type 2 er dødshus som er konstruert med stein- og treveggar og andre husliknande attributtar slik som dødshusa i Tussehågjen på Tjora og Nordfjordeid grav II som lett kan bli sett på som nøyte planlagde hus. Etter storleiken på Tussehågjen og Tjora dødshusa, og med at der har vert oppmura ein steinvegg og ein trevegg og spor etter dør i trevegg på Tussehågjen dødshuset, visar til at desse truleg har symbolisert ein høgstatus eller hatt ein spesiell funksjon. Nordfjordeid grav II på den andre sida har blitt konstruert med omhug, men storleiken og nedgravinga visar til at sjølv huset kanskje ikkje har vert konstruert med det formål å vise til andre at den døde har hatt høgstatus.

Det er tydeleg ingen klar samanheng mellom morfologien til dødshusa og statusen til den døde. Der er nokon strukturar som truleg har vert flotte bygg som har vert status markørar men der er andre som ikkje har same markering.

Dødshusa kan ha vert ei gravgåve og dei kan ha hatt ein liknande funksjon som skip/båt har som gravgåve. Ein kan tenke på at dei som er gravlagt i båt har også nytta seg av båt, eigd ein båt eller vert med på å bygge båtar (Hellesøe 2006:84). Nyttar vi same tolking på dødshus er det husbrukarar, husbyggjarar eller dei som eigde hus som fekk desse i grava. Med at der er lokalisert mindre dødshus graver ein andre typar graver er det lite truleg med dei to fyrste alternativa. Går ein litt vidare med huseigarar kan det ha vert gardseigaren eller gardstryddaren som fekk slike graver spesielt når ein ser det i lag med mengda av bruksreiskapar i gravene. Dette går også vidare med at dei store gravhaugane vart nytta som odelshaugar for det var der gardstryddaren låg eller den fyrste frie eigaren av garden var gravlagt og ein kunne knytte rettigheitar til garden til desse (Iversen 1999:19, Solberg 2003:148-149). Men dette forklarar ikkje dei tilfeller av fleire dødshus på ein gard slik som på Nordfjordeid to dødshus og tre dødshus på Senum. Det kan også være snakk om at det var ein familie som har rydda/eigd

garden og alle i den gruppa har fått dødshus, men då burde det være fleire på alle gradane. Ser ein på reiskapane så er jordbruksreiskapane og dei huslege reiskapane gode indikatorar på gardseigarar. Med at ein teori på gjenstandar i gravene er gjenstandar som den døde ofte var assosiert med eller at dei var personleg knytt til den døde (Dommasnes 1998:69). Med eit slikt syn på gravgodset blir det truleg at gravene med jordbruksreiskapar kan reflektere ein person som er assosiert med jordbruket eller eigaren av ein grad (Solberg 2003:196). Skrin og spesielt nøkklar er ofte sett på som dei personlege eigendelane til husfrua medan i mannsgraver er det ofte assosiert til skipskista, eller dei kan ha inngått som ein del av kistene eller skrina som har høyrd til på graden (Lorange 1875:156, Solberg 2003:155 & 234). Då er det lett å tolke at dei dødshusa med huslege reiskapar er ein refleksjon av at ein gardseigarar har blitt lagt i desse gravene.

Den andre tolkinga er at morfologien er orientert mot gjengangarar. Dette går enten på frykta rundt vonde gjengangarar eller besøk frå dei døde. Her går det på at dei vonde gjengangarane ikkje skulle klare å komme seg ut eller ikkje ha nokon behov for å komme ut og plage dei levande (DuBois 1999:84-91). Det er då mogleg at ein måte å holde desse gjengangarane unna var å bygge solide og skikkelege graver slik at dei haldt dei døde i grava si. På ei anna side kan gode gjengangarar komme att og folk kunne besøke dei i grava. Då blir det viktigare å konstruere eit gravgjemm der den døde kunne ta i mot gjestar (Mortensson-Egnund et al. 2002:151). I denne samanhengen kan ein skilje mellom dei graver som ein venta gjengangar aktivitet i til å være dei gjevast konstruerte dødshusa, men sidan det ikkje er masse informasjon om korleis desse har blitt konstruert er det vanskeleg å kunne skilje mellom god og dårleg kvalitet på konstruksjonen.

Det vi derimot kan diskutere er om desse dødshusa er store nok til å kunne ha besøk i dei. Her er det spørsmålet om kva som er stort nok. Det er bare grav II på Nordfjordeid som ikkje er stort nok til at ein anna person ikkje kan gå inn i huset. Det er også bare to dødshus som er store nok til at personar kunne komme på besøk utan å stå over den døde, dette er dødshusa på Tjora og Tussehågjen. Det blir då truleg at meininga med dødshus, ut i frå situasjonen på materialet i denne oppgåva, at det er plausibelt med ein gjengangar tolking, men dette er også mogleg i mange andre gravtypar. Det blir då problematisk å sei at dødshusa vart konstruert for eller som vern mot gjengangarar.

Dører og nøklar er då eit interessant aspekt i denne samanhengen. Ser ein på nøklane som ein indikasjon på husfrua eller eigaren av ein gard så kan desse vise til at dødshuset har vert asso-

siert med desse. Det er då ikkje unaturleg å tenke seg at der har vert utført rituelle handlingar ved desse gravene eller at det har vert vanleg å besøke desse gravene for å konsolidere med sine tidlegare slekningar. Dører er på ein anna side eit viktig tema i den norrøne mytologien som ein slags skilje eller treskel for å komme inn til ein anna verden. Dører inn til ei grav kan då ha vert eit viktig middel for den rituelle handlinga med at du kunne gå inn til dei døde sfære. Ritual som har blitt gjort i slike samanhengar har truleg vert viktige for samfunnet. Ser vi dette mot den norrøne mytologien så er det spesielt Helheim som skiljar seg ut med at der er nøkkelen Gilling, Helgrinda som dei døde må krysse og Falanda forad som er ein dørstokk som den døde må stige over (Aune 2009:200-201). Det er då interessant å sjå dører og nøkkklar opp i mot gudehallane og eventuelle ritual som kan ha føregått i/ved desse dødshusa og kva rolle dei kan ha hatt for samfunnet som konstruerte dei.

Den tredje tolkinga kan gå meir på det religiøse aspektet med dødshus. Ser ein på morfologien til dødshusa i lag med dei morfologiske skildringane av gudehallane i den norrøne trua kan der vere nokon likskapstrekk mellom desse. Det er dei dødshusa som har kraftige stolpar i konstruksjonen saman med at tolkinga om at desse har vert høg sleppverkskonstruksjonar som gjer ein mogleg tolking opp mot Noatun. Eit problem då er at Noatun var ein tømra bygning og ikkje ein sleppverks konstruksjon, men dette kan også ligge i oversettinga og forskjellige tolkingar. Ser ein på det norrøne ordet *timbr* så kan det tolkast til tømmer, å bygge noko opp eller eit mål på 40 skinn. Med at der er forskjellige tolkingar så kan det vere oppstått misstolkingar over tid (Heggstad et al. 2008:635, Mortensson-Egnund et al. 2002:59). Grunna denne mangelen blir det viktig å tolke morfologi i forhold til plasseringa av dødshusa og gudehallane. Men ut i frå den morfologiske ståstaden og kjeldekritikken til dei skriftlege kjeldene er det ikkje mogleg å sei om desse har blitt konstruert etter eit religiøst forbilde. Ser ein på denne situasjonen opp mot korleis gravene er i dag, så er det nokre dødshus som visar spor av plyndring: Tussehågjen, Revheim og Langeid, medan nokon har blitt øydelagt i nyare tid gjennom jordbruk eller utbygging: Sørheim, Sangesland og Senum. Det kan vere begge delar i nokre av tilfella. Med at desse er øydelagt blir det vanskeleg å kunne hevde at gudehallane var førebilde til dødshusa.

Dødshusa kan bli tolka til å vere ståande byggverk og har vert synlege i ei tid før dei vart dekt av haug, raste saman eller demontert. Det er nettopp at desse kan ha vert synlege over lengre tid saman med mogleg plyndring som kan gje ei forklaring til meininga med dødshus. Med at dei har vert synlege har dei hatt ei meining enten religiøst eller politisk. Viss dødshusa var konstruert med gudehallane som førebilde blir det enklare å sjå kvifor mange av dei yngre

husa slik som Revheim og Langeid har spor av plyndring medan Sangesland, Senum og Sørheim som alle kan ha stått opne under kristningsprosessen kan være offer for plyndring ut i frå politiske eller religiøse motiv.

6,1,5: Topografi

Plassering av graver i landskapet er langt i frå tilfeldig, sjølv om det kanskje kan sjå slik ut i dag. Det er vanleg at gravkonstruksjonar ligg på sakrale eller rituelle stadar, men dei kan også ligge på stadar slik at dei har utsikt over eit område eller liggje på innmarka til ein gard. Alle desse plasseringane kan ein kople opp mot ei statusrelatert plassering (Gansum og Østigård 2004:64, Ringstad 1986:32-46). Korleis passar dødshusa i Noreg inn i denne samanheng? Eg har i kap 5 nemnt korleis dødshusa samsvarar med landskapsanalysane til Gansum et al. Kan desse analysane vise til status?

Når eg tar denne diskusjonen har eg tatt meg den fridomen og tolke dei dødshusa som er funnet på flatmark til å ha vert minimum 2 m høge, som også er høgda nytta i synsfeltanalysekartta. Der det er gravhaugar som er høgare ein 2 m har eg nytta meg av høgda på haugen (jmf kap 4,2,3)

Ut i frå synsfelt analysen sjå appendiks II, så er det to stadar som skiljar seg ut med at dei ikkje har nokon stor utsikt. Desse er Sangesland i Vest-Agder og Langeid i Setesdalen. Medan dei andre har ein god utsikt over eit stort geografisk område. Men det er ikkje mogleg å basere nokon diskusjon på topografien ut i frå synsfeltanalyse aleine. Ser ein på satellittbilde frå stadane kan ein få ein betre forståing av plasseringa. Ser ein då på Sangesland og Langeid så er desse langt i frå isolert. Frå Sangesland kan ein sjå mange ås og fjell toppar i området. Langeid er på same måten eit synleg område når ein reiser gjennom Setesdalen og gravplassen har vert eit markant område på Langeid. Nyttar ein same tolking som Jørgensen som såg på dødshusa som høge tårnliknande konstruksjonar, kan desse ha vert ein markant konstruksjon i landskapet (Jørgensen 1981:9).

Eit anna element som kan vise til status er om plasseringa av gravmonumentet ligg synleg til ferdselsårer. Desse ferdselsårene er gjerne tolka i tilknytning vatn og ferdsel på sjøen men dei er også relatert til fjell overgangar og langs dalstrøk (Myhre 1990:10-12). Det kan også relaterast til å gjere landskapet meir heimeleg. Kanskje det då er ein samanheng her mellom det Erik Jørgensen Myhre og Løken har tolka om at nokre graver har hatt solide konstruksjoner

over bakken og dermed vart konstruksjonen eit heimleg bidrag til landskapsrommet (Gansum et al. 1997:18, Jørgensen 1981, Løken 1971:19, Myrhe 1976:14)

Nyttar vi då synsfeltanalysen er det bare Sangesland som ikkje har nokon klar assosiasjon til ein ferdselsåre i gamal tid. Ser ein på Askeladden under Sangesland kan lokalitets id 104117 gje nokon forklaring til Sangesland. For det gamle namnet på Sangesland er Sanglund etter den lunden som var offerplassen på staden (Askeladden.no). Om det då var ein offerstad i nærheita til gravplassen på Sangesland er det truleg også ei ferdselsåre gjennom staden. Det er då stor sannsyn for at det kan være ei statusmarkering med plasseringa til dødshusa. Både når ein ser på kor synlege dei er generelt i landskapet men også kor synlege dei er til ferdselsårar på stadane. Når ein då ferdast på desse ferdselsårane så kan Dødshusa ha vert med på sikre ein heimleg tilknytning til stadane, samstundes som at det har hatt ein symbolsk verdi for alle reisane.

Andre gravtypar har blitt plassert på slike stadar men det er vanleg å tolke dei rikaste og mest prestisjefylte gravene til å ligge der dei er mest synlege i landskapet. Det som gjer at dødshusa skiljar seg ut her er at det er både rike og fattige graver som er plassert på slike stadar. Dette tydar mot at der fattige graver i andre gravskikkar gjerne ikkje har vert synlege, så er dei fatigedødshusa framleis synlege. Det kan då ikkje seiast at det er kun dødshus som har denne tendensen med å være fattige og synlege. Ser ein på Raknehaugen som er tolka til å være ein funntom grav så er det ingen tvil om at det var ein mektig person som vart gravlagt der (Solberg 2003:164-165). På same måten er ikkje alle dødshusa synlege graver barnegrava, grav II på Nordfjordeid. Dette er ei rik grav som ikkje var særleg synleg sidan den bare var 110cm over bakken på det høgaste. Gravhaugen som synsfelt analysen visar til vart heller ikkje konstruert før ei stund etter at dei to dødshusa i haugen var konstruert (Myrhe 1976:17). Det blir då vanskeleg å tolke dette dødshuset som ein godt synleg konstruksjon.

Dødshusa i dette materialet ligg alle i nærheita til vatn, samstundes visar synsfeltanalysen at alle dødshusa har hatt utsikt til vatn. Sistnemte kan være problematisk då eg ikkje har dokumentasjon på korleis den forhistoriske vegetasjonen var. Det blir då bare spekulativt at vegetasjonen ikkje har hindra sikta til vatten. Men om det har vert ein klar sikt til vatn, er det interessant å sjå på dødshusa i Nord-Tyskland. Nord-Tyskland har mange dødshus frå bronsealder der alle husa er konstruert i nærheita til vatn, og Gustafsson tolka det til at det var ein samanheng mellom dødshusa og vatten i denne perioden (Gustafsson 1988:50-53). Kan det då være ein vidareføring av kultur og tradisjonar frå bronsealderen til jernalderen og frå Tyskland til

Noreg? Det er vanskeleg å samanlikne dødshusa i Sør-Noreg i jernalderen og Nord-Tyskland i bronsealderen, sidan dei er frå forskjellige geografisk område og tid, men framleis interessant. Det er heller ikkje umogeleg sidan kulturen i bronsealder har blitt utvikla og vidareført inn til kulturen i jernalderen. Heller ikkje sidan det ikkje har vert nokon skifte i folkegruppene i siste periode av bronsealder og fyrste periode av jernalder.

Ser ein på orienteringa av dødshusa, er:

- Nordfjordeid, nord-nordvest,
- Tussehågjen, sør nord vendt dørøpning mot sør. Dette er den einaste grava som det er sikre spor etter ei dør.
- Sørheim, nord-sør vendt.
- Revheim, Aust, Nordaust.
- Tjora, nord, nordvest-sør,søraust.
- Sangesland, vest-aust.
- Langeid, nord, nordvest-sør,søraust.
- Senum, Nord-sør,

Ser vi desse opp mot gudehallane i norrøn mytologi, er det bare hallen på Nåstrand som har dør mot nord, og det er einaste hallen som har spesifisert kvar døra er orientert, andre hallar er orientert mot sjø eller har langsiden mot elver (Aune 2009:186-188, Mortensson-Egnund et al. 2002:27). Men er det mogleg å tolke rike flotte graver opp mot dei som skulle hamne i Nåstrand sidan ein truleg ikkje har halde flotte gravleggingar for nidingar? Ser ein då på dei gravene som er orientert mot nord så har, dødshusa på Nordfjordeid, Tussehågjen, Sørheim og Langeid også langsiden mot elver, så dei kan bli assosiert med Valhall. Og sidan det ikkje er tilstrekkeleg mengde bygningsrestar bevart blir det problematisk å tolke desse husa kun ut i frå topografien. Men det er grunn nok til å undersøke nærmare spikar og andre smårestar som måtte være tilgjengeleg også ved seinare funn, slik at ein kan sjå etter eventuelle samanhengar.

Det er også slik at Helveg som gjekk til Hel sine riker låg i nord (Mortensson-Egnund et al. 2002:330). Dører som er snudd den vegen kan like gjerne vere indikasjon til at den døde skulle reise nord langs Helvegen og ikkje nødvendigvis til Nåstrand. Det er også vanskeleg å bedømme kva retning døra har stått på dødshusa på Nordfjordeid sidan det i dei tilfella er lite bevart bygningsmateriale. Men at skjoldet står på nordsida av grav II og ei mindre rund stolpe står i mellom dei to sørlege hjørna på grav III, gjer det truleg at dørene har vert på nordsida.

Orientering mot hav og sjø har ein kunne tolke på same måte som Noatun. I dødshusmaterialet er dødshusa på Nordfjordeid, Revheim, Tjora og Senum plassert i strandsona. Dette er same staden som Noatun er plassert i den mytologiske verden og namnet Noatun betyr skipstun og då er det naturleg å ha det med vatn (Aune 2009:186, Heggstad et al. 2008:457). Då kan desse være graver for folk som har omkomme på havet, noko som kan være med å forklare kvifor alle dødshusa er plassert ved vaten.

Det som gjere det problematisk med vatntolkingane er at vatn er sentralt i norrøn mytologi. Dei fleste stadar og mytar i den norrøne mytologien er forbundet med vatten på ein eller anna måte (Aune 2009:186-209).

6,1,6: Likbehandling

Likbehandling kan være med på å gje ein forklaring på kvifor dødshus vart konstruert spesielt dersom ein ser det opp mot teoriane om gjengangarar. 12 av 14 dødshus er jordfestegraver, ei er branngrav og ei kan være ei kenotaf, sidan den er funn tom. Kenotaf er ei minnegrav eller mogleg ei rituell gravlegging av garden (Gansum 2004:165, Ringstad 1986:39). Her er det ingen likbehandling men det kan ha vært behandling av ein øydegard før ein ny kunne starast.

Branngraver er tolka til å være ein skikk for å sikre at den døde kom fort til etterlivet og at han ikkje skulle bli att i den menneskelege verden (DuBois 1999:88, Montgomery 2000:20-21). Jordfestegraver som majoriteten av dødshusa er naturleg å tolke som det motsette av branngraver og dermed er dette graver som ein ikkje kan tolke til å være meint for ein rask overgang til etterlivet (Montgomery 2000:20). Ser ein det opp mot tolkingane til å bu i grava eller reise til og frå grava er dette ein naturleg gravform og ein gravform som ein gjerne kan gje til døde som ikkje representerar nokon trussel eller ein gjerne vill møte att sjølv om dei er døde. Dette er situasjonar ein har fått skildra i sagamaterialet slik som i det andre kvedet om Helge Hundingsbane der hans kone er svert vonbroten og sørgjer over hans død at han returnere til grava og trøyste ho (Mortensson-Egnund et al. 2002:151). Det kan då være naturleg å behandle liket og konstruere dødshus i eit håp om å få møte att dei døde før ein kan møte dei att i etterlivet.

6,1,7: Gravodsbehandling

I tråd med det som er vanleg er det ikkje noko spesielt med behandlinga av gravods i dei dødshusa som er jordfestegraver. Det er ingen spor på desse som kan tyde mot nokon øydeleging eller spesiell behandling av gravods. Einaste dødshuset som ser ut til å ha ein spesiell plassering av gravgodset er Tussehågjen der storparten av gravgodset ser ut til å ha blitt plassert i eit hjørne av dødshuset, det er også eit til felle i Grav III på Nordfjordeid men her er det ein lokal skikk som er årsaka til gravods plasseringa¹. Dette kan vera interessant i dødshus-samanheng, men i førehald til andre gravskikkar er ikkje noko uvanleg at gravods kan ligge samla på ei eller fleire plassar i ei grav (Hatling 2009:30-31, Hellesøe 2006:71-72, Shetelig 1912:181). Ser ein på denne plasseringa av gravgodset så kan det være plassert slik som eit resultat av funksjon i seinare besøk eller ritual i gravene. spesielt vis det var ein del av ritualet å bevege seg inn i den dødessfære og gå inn i dødshuset.

Dødshuset Nordfjordeid grav III som er ei branngrav er spesiell i sin gravodsbehandling med at det er den einaste dødshusbranngrava. Den er spesiell med at ikkje heile gravgjemmet er brent, slik som er vanleg i dei fleste branngraver. Eg har bare kjennskap til at små og spesielle delar av gravgodset er lagt ned ubrent. Dette er tilfellet i den store skipsgrava i Rundhågjen på Nordfjordeid der det var noko mat som var lagt ned ubrent og kammer er vanleg å legge ned ubrent i branngraver, medan i jordfestegraver er kammar plassert med omhug (Hoftun 1993:61-62, Lorange 1875:156) Men det er ein forskjell mellom nokre små delar av gravgodset som ikkje er brent og hovuddelen av eit gravgjemm. Same grav er også spesiell med at delar av reiskapane også er rituelt øydelagt, det er så godt som fast skikk å øydelegge våpen på den måten i branngraver (Shetelig 1912:107), men eg har ikkje kjennskap til slik behandling av reiskapar i andre branngraver. Slik rituell øydelegging av gravods har blitt sett i samband med at gjenstandane har vert så personlege at ein må verne slik at dei ikkje skadar dei levande (Dommasnes 1998:69). Det er då interessant at nettopp reiskapane i denne grava har blitt øydelagt. Om dette er tilfellet i framtidige funn av branngravdødshus, kan det vere eit ritual knytt til dødshus.

¹ Grav III på Nordfjordeid har samla gravgodset som eit lokk over den dødes beinrestar. Dette ser ut til å være vanleg skikk på Nordfjordeid der alle branngraver har samla gravgodset over den døde jmf Shetelig, Haakon. 1905. Gravene ved Myklebostad paa Nordfjordeid. *Bergens museums aarbok ...* Bergen: Bergen Museum.

6,2: Dødshus VS andre gravtypar

Etter at det i førre del vart gjennomgått kva som er situasjonen til dødshus materialet og moglege tolkingar presentert, men det er tydeleg at det er, som med resten av teoriene rundt andre gravskikkar i Noreg store likskapar. Denne delen av diskusjonen skal vise meir til dei forskjellane som er mellom dødshus og andre gravskikkar.

6,2,1: Forskjell i Gravgoods

Eg har nemnt i min gjennomgang av teori og metode at det skulle bli sett på kjøkken og aktivitetsreiskapar. Denne typen reiskapar har blitt lokalisert i urnegraver, hellekister, graver utan kister, skip og kammergraver (Grøtberg 2007:40-42, Lorange 1875:155, Ringstedt 1997:64, Skomsvoll 2012:15-16, Stylegar 2005:172-173), men ikkje i dødshus (jmf appendiks I). dette er interessant med tanke på at dødshus gjerne kan bli sett på som ein bustad for dei døde, men da burde slike gjenstandar være til stades i dødshus.

Kammar er også ein gjenstandsgruppe som er vanleg i graver frå eldre og yngre jernalder som gjerne har ein rituell meining i gravsamanheng både i brente og ubrente graver (Hoftun 1993:61). Eg har ikkje komet over nokon dødshus der det er lokalisert kammer i gravene verken tilfeldig eller rituelt plassert.

Husdyroffer i graver blir vanleg i merovingartid og vikingtid der dyr har enten blitt delt opp eller lagt heile i gravene (Mansrud 2004:48-49 & 82-85). Desse dyra kan også ha vert som ein del av gravgodset enten som transportmiddel, rituelt symbol eller symbol på rikdom og makt (Bunse 2010:17-21, Mansrud 2004:83). Dødshus har ingen offer av dyr slik som skipsgraver og kammergraver gjerne har (Gansum 2004:171, Price 2012:269). Branngravdødshuset på Nordfjordeid er den einaste tilfellet med dyrebein men desse er truleg restar etter niste eller eit rituelt måltid ein faktisk dyroffer i grava (jmf Ekren kap 5,6,1) (Mansrud 2004:62). Ein årsak til at desse beina kan dreie seg om matrestar eller niste er at desse beina er forskjellige og spreidd ut over grava og ikkje samla slik dei ville ha vert om eit dyr vart lagt på bålet og brent. Problemet er at det ikkje er gjort undersøkingar på desse beina så det er uvist om det dreiar seg om bein frå eit eller fleire dyr/typar av dyr.

Det er underleg at desse elementa som er vanlege i andre gravskikktypar ikkje er tilstades i dødshusa i dette materialet. Tilfeldigheit er ein moglegheit til at desse gjenstandane ikkje er lokalisert i dødshusa sidan denne oppgåva ikkje representerar alle dødshus i Noreg. Det er

også mogleg at desse gjenstandane har blitt fjerna frå gravene eller at bevaringsførehalda ikkje har gjort at organisk materiale har blitt bevart. Desse manglane kan også vise til at der var andre normar ved desse gravene ein andre graver.

6,2,2: Konstruksjonen

I materialgjennomgangen visar det seg at der er indikasjonar på to forskjellige typar dødshus i mitt materiale. Etter å ha gått igjennom materialet så er det ingen klar kronologisk forskjell i desse dødshusa sidan dei er konstruert i same periode. Type 1 er hus som er konstruert med kraftige stolpar, type 2 er konstruert med mønetak, stein- og treveggar og andre husliknande attributtar.

Korleis passar desse dødshus inn i definisjonen på kammergraver?

Definisjonen av ei kammergrav er at den er ei kiste som har blitt konstruert i ein nedsenking i bakken rundt den døde, og er konstruert av liggande eller ståande tømmer eller plankar. Desse kammera kan også bli plassert på skip slik som på Oseberg (Gansum 2004:171-172) og nokon har blitt konstruert av steinheller (Shetelig 1917:8-14, Stylegar 2005:165). Det er ikkje alltid lett å skilje mellom eit kammer og ei kiste, men ser ein på dei forskjellige storleiksdefinisjonane som har blitt presentert i litteraturen får ein eit bilde av dette. Ein bredde mellom 0,9-2,8m lengde 1,5-3,95m og 0,6-2,5m djup nedsenking er gjennomsnittet for kammergraver med nokre avvik. Kammergravene kan gjerne være mindre viss der er ein hestepattform framfor kammeret. Disse plattformene er vanlegvis like lange som kammerets bredde og hestens kropp er plassert vinkelrett med kammerets lengde (Stylegar 2005: 162-167). Silke Eisenschmidt har ein litt enklare definisjon av kammergravene der ho omtalar dei som nedgrevne trekister som har blitt konstruert rundt den døde (Eisenschmidt 1994: 16-17).

Som oppsummering så ser det ut til at dei viktigaste kriteria for kammergraver er at det er ei trekiste (men kan være i stein) som er for stor til at ein kan flytte på den. Om den ikkje står i/på båt/skip eller på andre konstruksjonar er den nedsenka i bakken. Der er også nokon storleikavgrensingar som skilje kammergraver frå kistegraver.

Når ein ser på definisjonen av kammergraver blir det tydeleg at dødshus ikkje er den same type graver. Når desse ikkje er same type graver er dei då same type gravskikk?. Der er ikkje nokon samanheng mellom gravene med kraftige stolpehol og kammergraver som er definert som

store kister, anna ein at den døde kan ha blitt lagt i ei kiste (Myhre 1969:217-218). Dødshuset grav II på Nordfjordeid har ei mogleg dør og eit mønetak. Samstundes er dødshusa i Tussehågjen og på Tjora konstruert av inner og ytterveggar også vanskelege å vise til å vere ei kiste. Disse er klart forskjellige frå kammergraver. Ser ein på Frans-Arne Stylegard sin artikkel om kammergraver tolkar han dødshusa: Tussehågjen, Sørheim og Revheim som tømra kammergraver (Stylegar 2005:165). Han gjev ingen forklaring på kvifor desse skulle tolkast som tømra kammer eller tolkast som det same når dei er ganske forskjellige. Det er tydeleg at Tussehågjen vart konstruert som eit tømra rom sidan det er funnet tømmer i grava, men vi kan ikkje sei noko om konstruksjonsforma til Sørheim og Revheim som skal tilsei ein slik konstruksjon, sidan det bare er spor etter fire kraftige stolpehol i kvar av desse gravene. Det blir difor underleg at desse tre konstruksjonane blir tolka som det same sidan dei er av ganske ulik konstruksjon og at desse konstruksjonane blir sett i samanheng med kammergraver.

Nils Ringstedt ser på kammergraver som ein heim til den døde. Han ser på kammergraver som ein stor samla gruppe som er tilstede i Europa, Sør-Amerika, Egypt og Kina. Han nyttar då dei kinesiske keisargravene frå Shang, Zhou, Qin og Han-dynastia som eksempel på rike graver (Ringstedt 1997:19-20). Det er då ikkje problematisk å nytte ei slik tolking, om definisjonen skal være så vag som at grava skal være heimen til den død. Men sjølv med slike vage definisjonar blir det veldig merkeleg å nytte eit slikt tolkingsgrunnlag for kammergraver, når ein ser på kammergrava frå Kirkeide i Nedstryn som er ei trekiste dekt av ein stor steinhaus og grava til King Zheng som samla Kina til eit rike og vart gravlagt med den kjente terrakottaarmeen. (Fagan 2007:436, Shetelig 1917:7-14, Stylegar 2005:165). Dei fleste vil hevde at det er ein stor forskjell i kulturane mellom Kina og Noreg og kvaliteten på gravene at desse ikkje burde samanliknast. Det blir då tydeleg kor viktig det er å kunne ha ei betre inndeling av gravskikkane som kan hjelpe til med å skape eit meir nyansert bilde i den arkeologiske forskinga.

Kva er då forskjellen i konstruksjonen mellom dødshus og andre graver? Det er klart at det er ein forskjell mellom båt/skipsgraver og dødshus, men det er større likskap mellom dødshus og kistegraver/kammergraver. Ei kistegrav er ei grav der den døde har blitt lagt i ei kiste. Eg vil sei meg einig med Eisenschmidt som ser på ei kammergrav som ei stor kista, som i nokre tilfeller har vert av slik storleik at den truleg ikkje har blitt frakta til gravstaden men heller konstruert der (Eisenschmidt 1994:16-17).

Dødshus har gjerne ei indre kiste som den døde har låge i. Dette er synleg i blant anna i dødshusa på Sørheim og Langeid. Følgjer vi dette tankegangen er det ikkje rart at nokon tolkar desse dødshusa som kammergraver, men følger vi same systematikken så burde også skipsgravene på Oseberg og Gokstad bli omtalt som kammergraver og ikkje skipsgraver sidan der er eit kammer/kiste i desse også (Gansum 2004:170-172).

Eg vil då vise til og hevde at dødshus har hatt ein større funksjon enn bare ein plass å sette den døde. Dei er meir som skipsgravene at det har vert ein større symbolikk med å legge den døde og den dødes kiste inni eit hus slik som dei har blitt lagt inni skip. Det blir då problematisk å tolke dødshusa som bare ein bustad for den døde, men dette vil eg komme meir inn på i diskusjonen nedanfor om der er ein forskjell i individuell status og tydnad.

Ser ein på restane i mange av dødshusa kan dei lett bli tolka som kammergraver, med at der er lite att som kan tilseie korleis dei er konstruert. Forma visar ei rektangulær grav. Det blir då lett å forstå kvifor dei har kategorisert dødshusa som er noko ukjent, inn under ein kjent gravskikkkategori. Gravene på Senum som Løken skildra i 1970 er identiske i form som Sørheim og Revheim, som Stylegard nytta (Stylegar 2005:165). Gravene på Senum vart skildra som konstruksjonar med plankeveggar og forma på stolpane gjere det ikkje mogleg å tolke desse som kister (Løken 1971:19). Når det ikkje er mogleg å tolke gravene på Senum som kister, då burde det ikkje være mogleg å tolke dødshusa på Sørheim og Revheim som kammergraver når kammergraver er skildra som store kister (Eisenschmidt 1994:16-17, Stylegar 2005:162). Av den grunn vil eg derfor hevde at det ikkje er mogleg å tolke Sørheim og Revheim gravene som er av same konstruksjon som Senum eller andre graver med same utforming som kammergraver.

6,2,3: Forskjell i likbehandling

Ein anna forskjell mellom dødshusa og kammergraver er behandlinga av lika. Dødshuset på Nordfjordeid ”grav III”, som er morfologisk lik Sørheim, Revheim og Senum dødshusa, men den er ulik i likbehandlinga sidan grav III på Nordfjordeid er ei branngrav. Dette er den einaste branngravdødshuset som eg har komet over, noko som gjer den ganske spesiell. Det er då tydleg at dødshus kan være både brann- og jordfestegraver, medan kammergraver kun er jordfestegraver (Ringstedt 1997:19). Dette kan vere ein anomali men det kan også vere ein indikasjon på at dødshus og kammergraver ikkje er same gravtype. Eit anna spesielt trekk er

at det bare er liket og gravgodset som er brent og ikkje dødshuset (Shetelig 1905:24-27). Det er ikkje uvanleg at bare delar av branngraver er brent. Men i dei tilfeller der dette har skjedd slik som i den brente skipsgrava som vart funnet i Rundhågjen på Nordfjordeid (Rundhågjen er ein gravhaug 40m vest, nordvest for Skjoratippen som har den kjente skipsgrav som er brent) som Anders Lorange gravde ut i 1874, der det vart funnet bein i ubrent geiteskinn inne i brannlaget, desse vart tolka til at dei har hatt ein rituell tydnad (Lorange 1875:153-156). Dette visar at det kan ha vert eit rituell aspekt med ubrente elementet i branngravene. Som nemnt tidlegare så har eg tolka dødshusa som ein gravgåve til den døde det er då mogleg at der har vert ein rituell tydnad til desse dødshusa sidan det ikkje er brent i branngrava.

6,3: Individuell status og tydnad: Er det ein forskjell?

Ovanfor har eg diskutert dødshusa i ei individuell status og tydnadsrelatert årsak til konstruksjonen. No vil eg diskutere dødshusa i samband med andre graver for å vise til forskjellen mellom dødshus og andre gravskikkar i Noreg.

Ser vi på gravgodset i dødshus er det ein stor variasjon i mengda så det er lite teneleg å vise til Number of artefact types analysar. Mengda av gravgods visar til at det kan ha vert liten forskjell mellom kven den døde i huset er og den dødes status sidan der er både rike og fattige dødshusgraver. Dette er også noko vi kan sjå att i andre gravtypar i Noreg (Hatling 2009:30-33, Hellesøe 2006:115-138, Shetelig 1912:90-91, Stylegar 2005:170). Status etter mengde på gjenstandar er det ingen forskjell på.

Det er heller ingen forskjell i om våpen eller reiskapar er representert eller ikkje, men det er fleire graver med våpen og/eller reiskapar enn utan, men dette kan også observerast i skips og båtgravene i Nordfjord og kammergravene i Vestfold. (Hellesøe 2006:115-138, Stylegar 2005:169-173). Våpen har vi i alle gravskikkane i Noreg og det blir då ikkje mogleg hevde at det er noko spesiell forskjell med meininga med våpen i dødshusa i førehald til andre gravskikkar i Noreg.

Reiskapar er slik som våpen tilstedevarande i alle gravskikkar i Noreg, men dødshus har nokon element som gjere at dei skilje seg ut. Branngravdødshuset på Nordfjordeid er spesielt med at dødshuset ikkje er brent når resten av materialet er, det er meg ikkje kjent anna ein i urnegraver frå førromesk jernalder og hellekister frå romar- og folkevandringstid at hovudkonstruksjonen i grava ikkje er brent når alt anna er. Det er då av logiske årsaker at innhaldet i

urnegravene vart brent og lagt i urna, men det kan tyde på at dødshusa ikkje skulle bli brent sjølv i branngraver. Det er også eit anna interessant element i denne grava at delar av reiskapane i grava har blitt rituelt øydelagt slik som våpen er i mange branngraver. Det er då merkeleg at i den eine dødshus branngrava i Noreg vart reiskapar rituelt øydelagt, når ingen andre branngraver (etter min kjennskap) har den typen øydelegging av reiskapar.

Ser ein på distribusjonen av reiskapar i desse gravene så er deg ein stor del som har jordbruk og huslege reiskapar. Dette er då i områdar med lite egne jordbruksareal i førehald til austlandet. Ser ein dette i lag med at det er relativt få dødshusgraver, kan det tenkjast at desse gravene var konstruert for eliten i desse samfunna (Hellesøe 2006:97, Solberg 2003:196).

6,3,1: Morfologi

Morfologien til gravene er det ingen forskjell mellom storleiken på haugen og statusen til den døde i grava vi har Raknehaugen som er Noregs største gravhaug utan klare funn som indikerar at det var ei grav, same som vi har med dødshus der det er ei mogleg kenotaf dødshus på Sangesland (Hoftun 2001:219-220). Det er også rike kammer og båt graver under flat mark som indikerar at kammer og skipsgraver ikkje treng å liggje i store haugar (Hellesøe 2006:115, Stylegar 2005:172).

Morfologien i form av reise eller opphald i grava visar ikkje til at dødshus skilje seg frå andre gravskikkar i jernalderen. Konstruksjonen av eit hus visar ikkje til ein reisesymbolikk men heller til at den døde skal opphalde seg der. Dette er i samsvar med at kammergraver er tolka som ein bustad til den døde, og korleis skips og ryttargraver gjerne blir knytt mot reise til dødsriket (Grøtberg 2007:75, Ringstedt 1997:19). Samstundes som at kammergraver med hestar kan bli assosiert til at den døde skal kunne reise til etterlivet og skip som er solid for- tøydd ikkje skal kunne reisast med (Grøtberg 2007:77-78). Dødshus kan då ha vert ein midler- tidig bustad eller møte plass mellom levande og døde, slike hendingar blir skildra i kvedet om Helge Hudningsbane der han kjem på besøk til grava (Mortensson-Egnund et al. 2002:150-152). Dører i desse konstruksjonane kan tyde mot nettopp ein slik moglegheit til å besøke dei døde. Dører er bare empirisk dokumentert i Tussehågjen, men det er moglegheitar for at det har vert i dei andre husa, men det kan også være ein meir abstrakt form for dør slik som i grav II på Nordfjordeid (jmf kap 5,1,1). Grøtberg har ein teori om at dei graver med ståande skjold, der desse skjolda kan ha fungert som dører (Grøtberg 2007:75).

Når det kjem til tolkinga om at dødshus kan være konstruert med gudehallar som førebilde, er dette vanskeleg å kunne vidareføre til skips og kammergraver. Skip er ingen gudehall men der er ein god del skip i den norrøne mytologien. Det kan ikkje nektast for at der kan ha vert ei meining med skipa i gravene og at skipa i gudeverda vart sidestilt. Slik dødshusa kan sidestilast med gudehallane. Kammergraver på den andre sida er det vanskeligare å jamføre med gudehallane sidan dei er konstruert meir som kister og ikkje ståande konstruksjonar som ein vil forvente om ein skal rekonstruere gudane sine bustadar.

6,3,2: Topografi

Det ser ikkje ut til å være mogleg å vise til nokon spesiell topografisk plassering mellom dødshus og andre gravtypar. Alle dødshus står i relasjon til vatn enten fersk eller salt. Dette kan vi også forvente av båt og skipsgraver. Dei står også relatert til ferdselsårar eller samlingsplassar. Problemet med å sei at dette er spesielt er at der det er dødshus er det gjerne andre graver som gjer at ein ikkje kan sei at det er distinkt for den eine eller den andre gravsikken. Dette er tydeleg på kaupanggravplassen i Skriningsal. Der er det mange gravskikkar representert og dei ligger alle med tilknytning til same område (Skre 2007:65-66). Ser vi på plasseringa av dødshusa i forhold til maktsentera så er det nokon som overlappar slik som Nordfjardeid, Revheim og Tjora, som ligger i hovudområdet til vikingtids maktsenter. Vidare så kan ein sjå at alle dødshusa ligger innan for sfæren til eit maktsenter i jernalderen (Myhre 1990:11). Det kan då sjå ut til at desse har hatt ein samanheng med maktsentera i jernalder.

6,3,3: Gravgoodsbehandling

Jordfeste graver med dødshus har ingen spesiell gravgoodsbehandling i førehald til andre gravskikkar. Branngrav dødshuset på ei anna side, skiljar seg ut med at sjølve dødshuset ikkje vart brent. noko som ein ikkje har observert i anna i urnegraver og ei hellekister. I hellekister kan den døde og alt gods være brent. Der er også eit tilfell der den døde vart brent men gravene som låg over eller under og hellekista dei låg i, ikkje vart brent (Shetelig 1912:95-100). Dette er ei spesiell grav som visar at der var ein spesiell behandling av enkelte individ, men også heile skikken med dødshus kan være spesiell, som gjore at ein ikkje skulle øydelegge dei, sjølv om det var ei branngrav. Det neste som gjere gravgoodsbehandlinga spesiell er øydelegginga av nokon av reiskapane i det same branngravdødshuset, som visar at der har vert ein

eller anna viktig grunn for å behandle dei, slik det har blitt gjort med våpen gjort i andre graver.

6,3,4: Likbehandling

Likbehandling i dødshusa er jordfeste og branngraver slik som i dei fleste gravskikkar, men kammergraver som er den gravskikk kategorien som gravene omtalt i denne oppgåva per i dag er underlagt er bare omdiskutert som jordfestegraver (Ringstedt 1997:19, Stylegar 2005:161-174). Det kan då sjølvstund diskutert om branngravdødshuset på Nordfjordeid er ein anomali eller om det er eit solid spor på at der er ein anna gravskikk. Ser ein dette opp mot morfologien som er skildra frå Senumdødshusa, der desse ikkje kan tolkast som kister som er eit av kriteria for kammergraver. Verte det vanskelegare å sjå på dødshus som ein del av kammergravskikken i jernalderen.

6,4: Arkeologisk struktur

Eg har nemnt i innleiinga at eg ville sjå om der var mogleg å sjå etter ein arkeologisk struktur i tilknytning til dødshusa, og svaret er både ja og nei. Det kan sjå ut til at vatn har ei tilknytning til dødshus. Det er også ein tendens til at dødshusa ligg synlege for ferdselsårar. Ein kan då tillegge ein arkeologisk struktur for dødshus at dei er synlege frå vatn og ferdselsårar. Det eg meiner med nei til ein arkeologisk struktur er at det er eit magert materiale å kunne bekrefte ein arkeologisk struktur, samstundes blir det vakt å kunne sei at vatn og ferdselsårar er kjenneteiknet for dødshus når det same kan sjåast i store gravhaugar og skipsgraver. Men der er ein moglegheit at der er ein arkeologisk struktur til dødshus, gjennom ferdselsårar og vatn.

6,5: Importveggar

